



## Møteinkalling

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Statens hus Leikanger

**Møtedato:** 11.06.2010

**Tid:** 09:30

09.30 Ope møte

09.30 Sogn Lab representantskap, sjå eige vedlegg.

10.00 SIMAS representantskap , sjå utsending frå SIMAS

11.00 Sogn regionråd handsamimg av saker.

12.00 Lunch

13.00 Framhald handsaming av saker

Ca 15.00 Slutt

## Sakliste

Saksnr. Arkivsaksnr.

**Tittel**

**18/10** 10/1386-5

**Prosjektstøtte - Fagrettleiarstilling ved pakkeria i Sogn**

**19/10** 10/1886-1

**Avtale om Interkommunalt samarbeid om brann og redningsteneste  
organisert som IKS.**

**20/10** 10/239-7

**Orienteringssaker 11.06.2010**

Sogndal 31.05.2010

Torbjørn Urnes  
(leiar)

Arthur Langeland  
Fungerande dagleg leiar

---

Saksh.: Arthur Langeland  
Arkivsak: 10/1386

---

Arkiv: 412

**Saksnr.:** Utval  
16/10 Sogn regionråd  
18/10 Sogn regionråd

**Møtedato**  
30.04.2010  
11.06.2010

**Sak** 18/10

### **Prosjektstøtte - Fagrettleiarstilling ved pakkeria i Sogn**

**Tilråding:**  
Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Vedlegg:**  
Sjå sak 16/10, møte 30. april

**Saksutgreiing:**  
Det vert vist til sak 16/10 i møte 30. april med følgjande vedtak:

*Saka vert utsett til neste møte, 11. juni 2010.  
RUP gruppa går gjennom føreliggjande retningsliner for prosjektstøtte og legg dette fram for rådet.*

RUP gruppa har avtala møte mandag 7. juni og deira vurdering av retningslinene vert sendt ut følgjande dag.

Sogndal 31.05.2010

Arthur Langeland

---

Saksh.: Arthur Langeland  
Arkivsak: 10/1886

---

Arkiv: 026 M70

**Saksnr.:** Utval  
19/10 Sogn regionråd

**Møtedato**  
11.06.2010

**Sak** 19/10

**Avtale om interkommunalt samarbeid om brann og redningsteneste organisert som IKS.**

**Tilråding:**

Sogn regionråd tek hovudrapporten om interkommunalt samarbeid mellom Vik, Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal til vitande.

Regionrådet ber om at det i det vidare arbeidet med etablering av felles brann og redningsetat mellom desse kommunane og vert teke med ei felles organisering av pålegget om byggjetilsyn jf prosjektrapport om dette i 2009. Samorganisering av denne tenesta må vurderast for alle 7 kommunar i rådet.

**Vedlegg:**

- tilråding til kommunestyret i Luster
- hovudrapport frå arbeidet med felles brann- og redningsteneste dagsett 20.05.2010
- rapport felles interkommunalt byggjetilsyn dagsett 15.08.2009 uprenta

**Saksutgreiing:**

Det vert vist til samandrag i hovudrapporten som gjev greie for bakgrunn til prosjektet. Prosjektet omfattar no kommunane Vik, Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal. Det har tidlegare vore gjeve orienteringar om prosjektet. Det er desse 5 kommunane som må ta stilling til vidareføring av prosjektet, dette er ei såleis ei orientering til Sogn regionråd om eit omfattande samarbeid på eit viktig samfunnsområde som då vil omfatta 5 av dei 7 kommunane i rådet.

Det rådet må ta stilling til er om prosjektet interkommunalt byggjetilsyn bør gå inn i brann-redningsprosjektet slik det er peika på i samandraget i hovudrapporten jf og kap. 7.1 og den tilrådinga som ligg som eit utkast til Luster kommunestyre. Det har i rådsamanheng vert sagt ved fleire høve at denne koplinga må utgjera. Problemstillinga mellom prosjekta er at interkommunalt byggjetilsyn omfatta alle dei 8 kommunane i 2009 og at brann-redning omfattar som nemnt 5 av desse. Med den klåre tilråding om god synergি både i høve til kompetanse/rekruttering og økonomi som ligg i rapporten ligg det til rette for at ei samordninga vert lagt til grunn i det vidare arbeidet. I denne samanheng må då tilhøvet mellom 7 – 5 kommunar i dei to oppgåveområda vurderast i høve til om dette kan vera ei tenleg løysing og korleis ein praktisk løyser dette.

Sogndal, 28.05.2010

Arthur Langeland

# SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jarle Skartun  
Arkivsaksnr.: 09/2352

Arkiv: 026 M70

## Avtale om interkommunalt samarbeid om brann og redningstenestene

### Rådmannen si tilråding:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

- 1) Kommunestyret sluttar seg til avtale om interkommunalt samarbeid innan brannområdet på slike føresetnader:
  - a) Samarbeidet skal omfatte alle deltenestene innan brannområdet.
  - b) Samarbeidet skal organiserast som eit IKS-selskap.
  - c) Kontorstad for fellesadministrasjon skal vere i Sogndal.
  - d) Tilsette som arbeider i brannordninga i kommunane i dag bør tilbydast overgangsordningar der dei dels kan arbeide i selskapet heimafrå/frå heimkommunen, ev og i delstilling i selskapet.
  - e) Kostnadsfordelinga mellom kommunane skal basere seg på eit sett av kostnadsnøklar for dei ulike områda slik det framgår av (førebels) tabell 6.4.1.
  - f) Det skal gjennomførast ei taksering av inngangsverdiane i samarbeidet med ev utlikning via eit reguleringsfond.
  - g) Kvar kommune skal syte for tilfredstillande lokale for brannstasjon i eigen kommune som skal stillast kostnadsfritt til disposisjon for IKS'et.
- 2) Kommunestyret godkjenner at det vert lyst ut og tilsett leiar for samarbeidet (brannsjef). Mynde for tilsetjing vert lagt til rådmannen i Sogndal.
- 3) Det skal arbeidast vidare med utarbeiding av etableringsavtale for samarbeidet, inkludert selskapsavtale for IKS'et og planlegging av oppstart og drift.
- 4) Det skal arbeidast vidare med å avklare kva andre oppgåver som skal leggjast inn i samarbeidet. Utvida tilsyn byggesak er førebels eit prioritert område.
- 5) Kommunestyret vil vedta endeleg etableringsavtale og selskapsavtale for IKS'et hausten 2010. Kommunestyret legg til grunn at det nye samarbeidet kan startast opp frå 01.01.11.
- 6) Dette vedtaket er gjort under føresetnad av likelydande vedtak i Balestrand, Leikanger, Sogndal og Vik kommunar.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

## **Saksutgreiing:**

**Prenta vedlegg:** Hovudprosjektrapport av 20.05.10.

**Uprenta vedlegg:** Forprosjektrapport av 28.12.09.  
Diverse vedlegg.

### **Samandrag:**

Det er gjennomført eit større prosjekt med utgreiing av interkommunalt samarbeid innan brannområdet for kommunane Balestrand, Leikanger, Luster, Sogndal og Vik (B-L-L-S-V) kommunar. I saka tilrår rådmann at kommunestyret sluttar opp om tilrådingane i rapport av 20.05.2010 og at kommunen vert med i det interkommunale samarbeidet for branntenestene. Målsetjinga er å etablere Sogn brann og redning IKS frå 1.01.11.

### **Utval som har vedtaksmynde:**

Kommunestyret.

### **Fakta:**

Kommunane Leikanger, Sogndal og Luster tok tidleg i 2009 initiativ for å få utgreidd eit interkommunalt samarbeid innan tenesteområdet brann. Eit forprosjekt vart lagt fram ved årsskifte 2009/2010, jf rapport av 28.12.09.

Handsaminga i kommunane viste at det var grunnlag for å arbeide vidare med prosjektet, og at også kommunane Vik og Balestrand ville delta.

Alle kommunane har våren 2010 delteke i arbeidet gjennom medlemer i prosjektgruppa (brannsjefar/ ansvarleg) og i styringsgruppa (rådmennene).

Sos Brannkonsult, v/Atle Strandos utarbeidde forprosjektrapport og har vore rådgjevar og sekretær for prosjektgruppa i arbeidet med hovudrapporten. Hovudrapporten er overlevert og datert 20.05.2010.

Det er gjort ein grundig gjennomgang av brannområdet i kvar kommune, gjennomgang av lovverket, studie av ulike referanseprosjekt og drøfting av ulike samarbeidsløysingar.

Styringsgruppa har vurdert rapporten som godt grunnlag for realitetsavgjerd i saka.

Etter at rapporten er sluttført er det gjennomført vidare informasjonsrundar til dei som er tilsette i ordningane og deira tillitsvalde.

Det har vore gjennomført ei undervegsrapportering til ordførarane med informasjon/drøfting av "gryande" konklusjonar.

Når det gjeld status og faktainformasjon vert det synt til hovudrapporten.

Prosjektet har søkt om og fått omstillingsmidlar frå "Programstyret for Fornying av offentleg sektor og IKT" i fylket både til forprosjektet og hovudprosjektet.

### **Vurdering:**

Branntenestene er eit viktig område.

Utviklinga er slik at det vert stadig meir krevjande for små og mellomstore kommunar å løysa desse oppgåvene på ein god måte i eigen regi. Kompetanse, fagmiljø, rekruttering, vakt- og beredskapsordningar, dimensjonering og utstyr er alt område der utvikling og krav er slik at ei større eining vil ha betre føresetnader enn ei mindre eining.

Utviklinga er og slik at det vert sett kritisk søkjelys på kvaliteten i tenesta, om brannvesenet utfører /har utført oppgåvene sine på ein tilfredsstillande måte.

Frå sentralt hald er det både gjennom stortingsmelding, regelverk og ved tilsyn gjeve sterke føringar om at dei mindre kommunane skal søkje eit tettare samarbeid med sine nabokommunar for å løyse dei oppgåvene som er lagt til brannvesenet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane oppmodar om at det vert framdrift og utvikling i større samarbeidsprosjekt i fylket vårt.

Brannsamarbeidet, som me no har utgreidd, for våre 5 kommunar vil svara godt opp utviklinga og oppmodingar.

Arbeidet med å utgreie samarbeidet har frå første dag vore konstruktivt og positivt.

Ei samla prosjektgruppe stiller seg bak hovudrapporten av 20.05.10 og meiner framlegget syner ei god løysing for korleis ein bør løyse oppgåvene til brannvesenet framover.

Styringsgruppa, rådmennene, støttar opp om dette.

Vurderinga er at det ligg til rette for å inngå ein avtale om etablering av eit forpliktande samarbeid innan brannområde mellom kommunane B-L-L-S-V. Samarbeidet bør omfatte alle deltenestene innanfor brannområdet. Dette gjer at ein får utnytta den vinst som ligg i å samla alle ressursane med dei effektar det har på stillingar, kompetanse, fagmiljø, rekruttering og kost nytte.

### **Organisering.**

Ei samling av alle deltenester for dei fem kommunane får eit omfang og ein storleik som gjer det naturleg å organisera det som ei eiga eining. Utgreiinga tilrår IKS-modellen, ei eiga eigen juridisk eining der alle kommunane deltek både i styre og representantskap noko som sikrar deltaking og medverknad, og også kan handtere investeringar i eigen regi. Til dette kjem at mange av dei godt fungerande samarbeida er IKS-selskap. Desse argumenta er så tungtvegande at rådmann støttar tilrådinga sjølv om det kan vere motforestillingar til ei slik organisering.(stat i staten) Eit aktivt styre og ein aktiv representantskap vil kunne sikre at selskapet vert underlagt god kontroll.

Den vidare organiseringa av selskapet føl i stor grad av folketal og dimensjoningsforskrift. Den tilrådde modellen, inkludert organisasjonskart som ligg i rapporten, representerar ei minimumsdimensjonering /organisering. Unnataket er at det er lagt inn ei 35% stilling i førebyggande avd. som kan nyttast til inntektsbringande tiltak for selskapet. (sal av tenester, kurs, opplæring mv.)

### **Lokalisering.**

Som det går fram av rapporten er det fleire argument som talar for at samarbeidsselskapet bør lokaliserast til Sogndal. Sogndal er den største kommunen og er eit "geografisk sentrum". I lag med ordninga med overbefalsvakt så gjer dette at Sogndal vert den naturlege og mest rasjonelle

lokaliseringa. Avstandar er ofte utfordringar i eit interkommunalt samarbeid og eit samlingspunkt i Sogndal vil gjere avstandsulempene minst for det samla samarbeidet.

### Tilsette

Ei lokalisering i Sogndal vil truleg og gjere det enklast å ta vare på og få med seg eksisterande kompetanse og tilsette over i det nye samarbeidet, noko som er sterkt ynskjeleg. Ved hjelp av overgangsordningar, der ein dels kan arbeide i selskapet heimanfrå/frå heimkommunen, ev og i delstilling i selskapet, er dette realistisk.

### Økonomi

Økonomisk innsparing vil ikkje vere noko hovudargument for samarbeidet. Imidlertid bør eit slikt samarbeid kunne gi ei god utnytting av dei økonomiske ressursane og eit kvalitativt godt brannvesen. Det at ein i dag gjerne budsjetterar med høgare utgifter til brannvesenet enn ein gjerne nyttar, delstillingar som i dag er budsjettert på brann, men som vert verande igjen i kommunen og oppstartskostnader og administrasjonskostnader gjer at kommunane må vere budd på ein viss ”pukkeleffekt” når det gjeld kostnader. På lengre sikt og som ei overordna vurdering syner utgreiinga at dagens budsjetterte nivå i kommunane vil vere eit realistisk utgiftsnivå for ei ny ordning.

Kostnadsfordeling mellom kommunane kan vere eit vanskeleg område. For å møte dette legg utgreiinga opp til å nytta eit sett av kostnadsnøklar, dette gir ”skreddarsaum”, slik at kvar kommune betalar ein kontingenst som i stor grad speglar kostnadane med tenestene i kvar kommune..

Når det gjeld dekking av administrasjon og fellesutgifter som ikkje kan koplast direkte til ein funksjon så er det naturleg med ein deling, der ein del vert delt likt mellom kommunane og noko etter folketal. Alle kommunar skal ha ei brannordning. Dette tilseier ein høg fast del, men det er slik at mykje innan brannområdet knyter seg til dimensjonering etter folketal og dette tilseier ein høg del etter folketal. Det vert tilrådd 30/70 deling, 30% fast og likt mellom kommunane og 70% etter folketal. Rådmann har ikkje merknader til dette, men meiner det må vere opning for å sjå nærmare på dette om det skulle syne seg å gi urimelege utslag målt opp mot dagens forbruk og kostnader.

For ytterlegare å sikra ei rimeleg og rettferdig fordeling vert det tilrådd å gjennomføra ei taksering av inngangsverdiane i samarbeidet, og ev utlikning av desse over tid.

Det vert lagt opp til at kvar kommune må syte for tilfredstillande lokale for brannstasjon i eigen kommune og at denne kan stillast kostnadsfritt til disposisjon for IKS’et. At ei slik stadbunden investering vert lagt til kvar kommune kan vere ei rimeleg vurdering.

### Andre oppgåver lagt til samarbeidet.

Ved etablering av felles brannvesen er det naturleg å sjå på eit tettare samarbeid mot andre tekniske fagmiljø i kommunane. Etter plan- og bygningslova er det eit krav at kommunane skal gjennomføre tilsyn i byggesaker. Det ligg godt til rette for at det nye brannvernsamarbeidet kan ta på seg denne oppgåva. Her kan ein tenkje seg kombinerte stillingar innan tilsyn byggesak og branntilsyn. Slike kombinasjonar vil gjere tenesta personalmessig mindre sårbar, samstundes som slike stillingar kan vere ekstra attraktive for kvalifiserte søkjrar.

Andre kommunaltekniske tenester, inklusive vaktordningar, vil og vere aktuelle. I tillegg bør det søkjast eit tettare samarbeid med det lokale el-tilsynet (DLE).

### Vidare arbeid.

Skal oppstart for samarbeidet vere 1.01.11 er ein avhengig av realitetsavgjerd i kommunane i løpet av juni månad. Dette vil gje grunnlag for at hausten kan nyttast til å klargjera for oppstart 01.01.11. Det bør lysast ut stilling som ny brannsjef for samarbeidet. Det vil vere ei god løysing at ny brannsjef kan ta til som prosjektansvarleg på hausten og førebu oppstart.

Det bør kunne lagast ei fullmakt for tilsetjing slik at vedkommande kan tilsetjast før styre og andre element i IKS/ selskapsavtalen er klar.

Det må utarbeidast nærmere etableringsavtale for samarbeidet inkl. selskapsavtale for IKS'et og arbeidet med overgangsordningar og driftsordningar for 2011 bør startast så tidleg etter sommarferien som mogeleg. Saka må handsamast i kommunestyret på nytt når selskapsavtalen er utarbeidd og klar.

Tilsyn byggesak bør takast inn i det vidare arbeidet med saka.

Det vil vere naturleg at noverande prosjektorganisasjon vidarefører arbeidet.

Det er løyvt prosjektmidlar via omstillingsmidlane til å dekke det meste av kostnadane i 2010. Vedtak i den enkelte kommune bør vere under føresetnad av likelydande vedtak i dei andre kommunane.

### Spesielle forhold i eigen kommune:

- Bemannning
- Utstyr.
- Brannstasjon
- Økonomi

Rådmann vurderar brannsamarbeidet som eit godt interkommunalt prosjekt. Det ligg til rette for å løysa brannvesenet sine oppgåver i fellesskap med god kvalitet og med ei god utnytting av resursane. Rådmann tilrår at ..... kommune vert med i ordninga basert på føresetnader i tilrådinga og den hovudrapport som ligg føre.

Dato: 27.05.2010

Tore Eriksen  
rådmann

Jarle Skartun  
rådgjevar

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til:  
... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑

# Sogn brann og redning

Ei utgreiing og tilråding om interkommunalt  
samarbeid  
innan tenesteområdet brann og redning



Balestrand



Leikanger



Luster



Sogndal



Vik

Dato:  
20.05.2010

Utarbeidd av:  
**sos**  
brannconsult as

## SAMANDRAG

Kommunane Leikanger, Sogndal og Luster tok initiativ for å få etablert eit interkommunalt samarbeid innan tenesteområdet brann. Som fyrste fase i dette arbeidet vart det gjennomført eit forprosjekt, og rapport vart overlevert til styringsgruppa 01.01.2010. Ei handsaming i kommunane viste at det var grunnlag for å arbeide vidare med prosjektet, og med sikte på å ha ei utgreiing klar for politisk handsaming før sommaren 2010.

I januar 2010 vart det også klart at kommunane Vik og Balestrand ville delta i arbeidet, og dei vart fullverdige medlemer med representantar i prosjektgruppa (brannsjeiane) og i styringsgruppa (rådmennene).

Frå sentralt hald er det både gjennom stortingsmelding, regelverk og ved tilsyn gjeve sterke føringar om at dei mindre kommunane skal søkje eit tettare samarbeid med sine nabokommunar for å løyse dei oppgåvene som er lagt til brannvesenet. I dag er meir enn 136 av kommunane i landet med i eit interkommunalt brannvesen. Gjennom arbeidet med forprosjekt, og med vidareføring fram til rapporten som noføreligg, har prosjektgruppa sett nærrare på korleis eit slikt samarbeid mellom kommunane kan organiserast. Så langt som mogleg har vi også vist konsekvensane av å samordne dette tenesteområdet, både når det gjeld økonomi, administrasjon, forholdet til eksisterande stillingar og lokalisering.

Det er også brukt ein del tid på å studere ulike referanseprosjekt, og dette har gjeve oss godt innsyn i korleis andre samarbeid i "brann-Noreg" er organisert, og kva erfaringar dei sit med etter ein del års drift. Erfaringar frå samarbeida rundt om i landet er nesten udele positive.

Dagens krav til dimensjonering av dei enkelte brannvesen viser at tida for bruk av frivillige mannskap er over. No er det deltidsmannskap som har eit tilsettingsforhold i brannvesenet (kommunen), og som vert avlønna etter faste avtalar. Auka krav til kompetanse, opplæring, øvingar, HMS-arbeid m.m. fører til at det må brukast meir tid til leiing og administrasjon. Brannvesenet er ikkje lenger "freda" i samfunnet. Vi ser oftare at det vert sett kritisk sokjelys på om brannvesenet har utført sine oppgåver på ein tilfredsstillande måte. Ei organisering i større einingar med eit sterkare fagmiljø vil vere nødvendig for at brannvesenet skal kunne møte framtida sine utfordringar og krav. Eit større fagmiljø vil ha positiv verknad for rekrutteringa til branntenestene/yrket. Mange småkommunar vil i framtida ha store problem med å dekke opp dei krav som vert sett frå sentrale myndigheter og frå samfunnet elles.

Som eit resultat at det arbeidet som er gjennomført, meiner prosjektgruppa at kommunane Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster må etablere eit forpliktande samarbeid innan fagområdet brann. Prosjektgruppa meiner samarbeidet må organiserast som eit IKS, og med lokalisering i Sogndal. Det må leggast til rette for gode overgangsordningar som gjer at kvalifisert personell i eksisterande brannvesen vert med inn i det nye selskapet. Ved etablering av felles brannvesen er det naturleg å sjå på eit tettare samarbeid mot andre tekniske fagmiljø i kommunane, t.d. byggesak, tilsyn og andre kommunaltekniske tenester. I tillegg bør det søkjast eit tettare samarbeid med det lokale el-tilsynet (DLE).

Det må gjevast nødvendig mynde til styringsgruppa for å kunne føre arbeidet vidare, med sikte på at eit nytt selskap kan vere "på føtene" frå 01.01.2011.

Gol, 20.05.2010

For prosjektgruppa

Atle Magne Strandos, branning.  
SOS brannconsult as

## INNHALDSLISTE

<b>1. INNLÆING .....</b>	<b>1</b>
1.1    GRUNNLAG .....	1
1.2    PROSJEKTORGANISERING.....	1
1.3    PROSJEKTPLAN .....	2
<b>2. BRANNVERN - STATUS, DAGENS ORGANISERING.....</b>	<b>3</b>
2.1    BALESTRAND KOMMUNE.....	3
2.2    LEIKANGER KOMMUNE.....	4
2.3    LUSTER KOMMUNE .....	5
2.4    SOGNDAL KOMMUNE .....	6
2.5    VIK KOMMUNE.....	7
<b>3. REGELVERK OG SAMARBEIDSFORMER .....</b>	<b>9</b>
3.1    KOMMUNEOVA.....	9
3.1.1    Interkommunalt samarbeid etter kommunelova .....	9
3.1.2    Vertskommunemodell etter kommunelova.....	9
3.2    LOV OM INTERKOMMUNALE SELSKAP .....	10
3.2.1    Interkommunale selskap (IKS).....	10
3.3    BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA .....	10
3.4    VANLEGE SAMARBEIDSFORMER .....	10
<b>4. FORPROSJEKTET.....</b>	<b>12</b>
4.1    GJENNOMFØRING .....	12
4.2    KONKLUSJON OG TILRÅDING.....	12
4.3    VIDAREFØRING.....	12
<b>5. FORDELAR OG UTFORDRINGAR VED SAMARBEID .....</b>	<b>14</b>
5.1    FAGMILJØ .....	14
5.2    KOMPETANSE OG OPPLÆRING .....	14
5.3    UTNYTTING AV RESSURSAR .....	14
5.4    FØREBYGGJANDE OG BEREDSKAP .....	14
5.5    TILBODET TIL INNBYGGJARANE.....	15
5.6    UTFORDRINGAR .....	15
5.7    OPPSUMMERING .....	16
<b>6. FELLES BRANN- OG REDNINGSTENESTE.....</b>	<b>17</b>
6.1    ORGANISERING .....	17
6.2    DIMENSJONERING.....	20
6.3    LOKALISERING .....	26
6.4    KOSTNADAR .....	27
<b>7. KOPLINGAR OG GRENSESNIITT MOT ANDRE TENESTER .....</b>	<b>31</b>
7.1    TILSYN BYGGESEN .....	31
7.2    EL-TILSYN.....	31
7.3    ANNAN KOMMUNAL BEREDSKAP .....	31
7.4    SAMARBEID OM ANDRE KOMMUNALTEKNISKE TENESTER.....	32
7.5    KONKLUSJON .....	32
<b>8. KONSEKVENSAR FOR DEN ENKELTE KOMMUNE .....</b>	<b>33</b>

8.1	ORGANISATORISK .....	33
8.2	ØKONOMISK.....	34
<b>9.</b>	<b>TILRÅDING .....</b>	<b>36</b>

## **VEDLEGG**

1. Definisjonar
2. Referanseprosjekt, div. avtalar
3. Kostnadsfordeling, tabell med forklaring av innhald
4. Regelverk
5. Forprosjekt - samandrag

## 1. INNLEIING

### 1.1 Grunnlag

Kommunane Leikanger, Sogndal og Luster har teke initiativ for å få etablert eit interkommunalt samarbeid innan tenesteområdet brann. I fyrste fase skulle det i hovudsak utarbeidast ein prosjektrapport "Forprosjekt Sogn Brannvern". Forprosjektet vart avslutta til nyttår 2009/2010, og rapport er datert 28.12.2009. Kommunane søkte ekstern konsulenthjelp til utgreiing av prosjektet. SOS brannconsult as utarbeidde rapporten og la fram tilråding om å gå vidare i arbeidet med å finna ei samarbeidsløysing innan brannområdet.

Dei tre kommunane vedtok på nyåret 2010 å gå vidare med prosjektet. Forprosjektet skulle nyttast som grunnlag for ei nærmere utgreiing av organisasjonsmodell, lokalisering og økonomi m.m. I tillegg kom det innspel frå kommunane Vik og Balestrand at dei ville delta i det vidare arbeidet. Avtale med konsulent vart videreført. Med dette som utgangspunkt er det gjennomført eit hovudprosjekt med dei fem kommunane og med SOS brannconsult som fagleg rådgjevar.

Prosjektgruppa er ansvarleg for denne utgreiinga og tilrådinga, og ferdig rapport vert overlevert styringsgruppa for vidare handsaming.

Gjennom arbeidet i dette prosjektet har vi hatt god kontakt med Direktoratet for Samfunnssikkerheit og Beredskap (DSB). DSB ser særskilt positivt på at kommunar formaliserer sitt brannvernsamarbeid med forpliktande avtalar. Dei viser til gjeldande regelverk, og til Stortingsmelding nr. 22 om Samfunnssikkerheit. DSB har i sine tilsynsrapportar til kommunane presisert behovet for samarbeid på tvers av kommunegrensene.

Fylkesmannen si beredskapsavdeling oppmodar sterkt om utvida samarbeid på dette fagområdet.

Prosjektet er tildelt omstillingssmidlar frå "Programstyret for Fornying av offentleg sektor og IKT" i fylket både til forprosjektet og dette hovudprosjektet.

### 1.2 Prosjektorganisering

Prosjektorganiseringa er utvida med dei respektive representantane frå Vik og Balestrand.

Styringsgruppe:  
Rådmann i Leikanger Odd Arve Rakstad  
Rådmann i Sogndal Jostein Aanestad  
Rådmann i Luster Tore Eriksen  
Rådmann i Vik, Oddbjørn Ese  
Rådmann i Balestrand, Vidar Roseth

Prosjektansvarleg: Luster kommune v/rådmann Tore Eriksen

Prosjektleiar: Rådgjevar Jarle Skartun, Luster kommune

Konsulent: SOS brannconsult as v/Atle Magne Strandos

Prosjektgruppe: Per Holen, Leikanger  
 Einar Nedrelo, Sogndal  
 Agnar Kveane, Luster  
 Per Martin Berglund, Vik  
 Åge Skrede, Balestrand  
 Prosjektleiar  
 Konsulent

### 1.3 Prosjektplan

Prosjektplanen viser ein kort oversikt over arbeidet fram til i dag, og planlagde milepelar vidare.

TID	ARBEID
Sommar 2009	Innhente tilbod og engasjere konsulent
21.09. 2009	Oppstartmøte i prosjektgruppa
Haust 2009	Møter i prosjektgruppa. Utgreiing og utarbeiding av forprosjekt.
31.12 2009	Forprosjekt ferdig og overlevert.
Vinter 2010	Vidareføring av prosjektet. Prosjektet utvida med Vik og Balestrand. Arbeidsmøter i prosjektgruppa. Nærare utgreiing.
Feb./mai 2010	Utarbeiding av "Bok 2" – endeleg rapport. Møter og drøftingar med styringsgruppa og ordførarar.
Mai/juni 2010	"Bok 2" – rapport med tilråding overlevert til styringsgruppa. Politisk handsaming. Vedtak om felles brannvesen eller ikkje. Dersom JA – utlysing av stilling som brannsjef.
Aug.-des. 2010	Tilsetjing av brannsjef. Arbeid med selskapsavtale og nødvendig politisk handsaming. Etablering av selskap.
01.01.2011	Oppstart av felles brannvesen.

## 2. BRANNVERN - STATUS, DAGENS ORGANISERING

Mange sit med ei oppfatning av at brannvesenet sine oppgåver er avgrensa til å kome med blålys og sirene for å slokke bygg- og skogbrannar, og å frigjere fastklemde i trafikkulykker.

Dette er sjølv sagt viktige og sentrale oppgåver, men brannvernet er pålagt å gjennomføre mange andre arbeidsoppgåver som til dagleg ikkje er så synlege. Etter brann- og eksplosjonsvernlova §11 skal brannvesenet mellom anna:

- gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak i kommunen om fare for brann, farer ved brann, brannverntiltak og opptreden i tilfelle av brann og andre akutte ulykker.
- gjennomføre brannførebyggande tilsyn.
- gjennomføre ulykkesførebyggande oppgaver i forbindelse med handtering av farleg stoff og ved transport av farleg gods på veg og jernbane.
- utføre nærmere bestemte førebyggande og beredskapsoppgåver i krigs- og krisesituasjoner.
- vere innsatsstyrke ved brann.
- vere innsatsstyrke ved andre akutte ulykker der det er bestemt med grunnlag i kommunen si risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).
- etter anmodning yte innsats ved brann og ulykker i sjøområder innanfor eller utanfor den norske territorialgrensa.
- utføre feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Kommunen kan legge andre oppgåver til brannvesenet så langt dette ikkje går utover brannvesenet si gjennomføring av oppgåvene vist ovanfor.

### Status i våre kommunar

Organisering av brannvernet i den einskilde kommune baserer seg i hovudsak på dei minstekrava som følger av dimensjoneringsforskrifta. Det er i varierande grad gjennomført ajourført/oppdatert ROS-analyse i kommunane.

Det vert generelt vist til vedteke brannordning for kommunane, samt siste tilsynsrapport frå DSB og tilhøyrande attendemelding frå kommunane.

Rapporterte stillingsstorleikar samsvarer ikkje alltid med faktisk bruk av stillingar. Særleg for dei som sit i delte stillingar har det vist seg vanskeleg å få avsett nok tid til oppgåvene i brannvesenet.

### 2.1 Balestrand kommune

Grunnlaget for dagens organisering av brannvernet i Balestrand kommune er vedtatt brannordning frå 1997.

#### Nøkkeltal:

Inbyggjarar:	1344
Utrykningar:	5
Bustadar:	475 (piper)
Piper:	475
Øvingstimar:	ca. 20 timer pr. person
Særskilde brannobjekt:	30

**Leiing og førebyggande**

Brannsjef:	10%
Avd.leiar førebyggande:	10%
Avd.leiar beredskap:	10%
Førebyggande:	25%
Samla stillingsstørleik:	55% stilling
Feietenesta og tilsyn i bustader:	30%

**Beredskap og utrykningsstyrke**

Den faste utrykningsstyrken er alle deltidspersonell og utgjer 4 utrykningsleiarar og 16 mannskap. Beredskapsstyrken utgjer samla ca. 75% stilling.  
Brannvesenet har ikkje kvalifisert røykdykkartene.

**Vaktordning**

Ingen krav til overbefalsvakt eller fast vaktordning.

Det er oppretta dreiande 4-delt vaktordning for utrykningsleiar/befal. Denne dekkjer også teknisk vakt.

**Utstyr**

Brannvesenet skal disponere naudsynt materiell til innsats ved brann, trafikkulykker, miljøskader og andre ulykker.

Fylgjande utstyr skal vere til disposisjon:

1 mannskapsbil med minst 2400 liter vatn, mannskapskabin, naudsynt utstyr som førsteutrykningsbil med frigjeringsutstyr. Pumper, slangar og anna slokkeutstyr tilpassa risikotilhøva.

**Brannstasjon**

Dagens stasjon er eit bygg på ca. 100m<sup>2</sup>, og er tilfredsstillande.

**Tilsynsrapport frå DSB**

I siste tilsynsrapport (2009) frå DSB vart det mellom anna merka avvik på; ikkje avsett nok stillingsressursar, manglar på førebyggande arbeid, mangelfulle øvingsplanar, mangelfull dokumentasjon av brannvernet og manglende innsatsplanar. Kommunen har for 2010 innhenta tilbod frå Vik kommune om kjøp av teneste for tilsyn i særskilde brannobjekt (førebyggande arbeid).

## 2.2 Leikanger kommune

Grunnlaget for dagens organisering av brannvernet i Leikanger kommune er vedtatt brannordning frå 1998.

**Nøkkeltal**

Innbyggjartal:	2182
Utrykningar:	14
Bustadar:	1038
Piper:	850

Øvingstimar: ca. 10 timer pr. person

Særskilde brannobjekt: 20

#### **Leiing og førebyggande**

Brannsjef:	12%,
Avd.leiar førebyggande:	12%,
Avd.leiar beredskap:	12%
Førebyggande:	24%
Samla stillingsstorleik:	60% stilling

Feietenesta og tilsyn i bustader vert kjøpt frå Luster kommune.

#### **Beredskap og utrykningsstyrke**

Den faste utrykningsstyrken er alle deltidspersonell og utgjer 4 utrykningsleiarar og 12 mannskap. Brannvesenet har ikkje kvalifisert røykdykkarteneste.

#### **Vaktordning**

Ingen krav til overbefalsvakt eller fast vaktordning.

Det er oppretta dreiande 4-delt vaktordning for utrykningsleiar/befal. Denne er kombinert med teknisk vakt. I tillegg er det 1 mannskap på vakt i helgar og høgtider.

#### **Utstyr**

Dagens brannbil er ein Jeep 1979 -modell, med frontpumpe og 650 liter vasstank, og tilfredsstiller ikkje dagens krav. Det er planlagt kjøp av bruk brannbil, og det er budsjettert med Kr. 450.000,- i 2010.

#### **Brannstasjon**

Dagens stasjon er ei garasje på 50m<sup>2</sup>, som er langt frå tilfredsstillande. Dette er også merka som avvik i siste rapport frå DSB. Ny stasjon på 175 m<sup>2</sup> vil vere klar sommaren 2010 i leigde lokale i Hermansverk sentrum.

#### **Tilsynsrapport frå DSB**

I siste tilsynsrapport (2006) frå DSB vert det mellom anna anbefalt at kommunen søker samarbeid med nabokommunane om brannvernarbeidet.

### **2.3 Luster kommune**

Grunnlaget for dagens organisering av brannvernet i Luster kommune er vedtatt brannordning frå 1998. Luster kommune har gjennomført ROS-analyse på 2 niva, overordna nivå og delanalyser for underordna avdelingar/områder.

#### **Nøkkeltal**

Innbyggjartal:	4945
Utrykningar:	15-20
Bustadar:	1800
Piper:	1800
Øvingstimar:	40 timer pr. person
Særskilde brannobjekt:	53

**Leiing og førebyggande**

Brannsjef:	25%,
Avd.leiar førebyggande:	20%,
Avd.leiar beredskap:	25%
Førebyggande:	60% (30 + 30)
Samla stillingsstorleik:	130% stilling
Luster har for tida 200% stilling. Dette er grunna i permisjon hjå avdelingsingeniør som hadde delstilling i brannvesenet, manglende nestleiarfunksjon i brannvesenet og det forholdet at noverande brannsjef har signalisert at han i 2011 har rett til å fratre på bakgrunn av oppnådd pensjonsalder. For å sikre kapasitet og kontinuitet er det derfor rekruttert inn ny varabrannsjef.	
Luster kommune har 2 feiarar i 100% stilling. Kommunen sel feieneste og tilsyn i bustader til Leikanger og Sogndal. Det er i tillegg selt noko teneste til Balestrand kommune.	

**Beredskap og utrykningsstyrke**

Dersom brannsjef eller stadfortredar ikkje møter, vert den overordna innsatsleiinga ivareteke av utrykningsleiar.

Gaupne hovudstasjon har 16 deltidspersonell og utgjer 4 utrykningsleiarar og 12 mannskap.

Luster lokalstasjon har 8 deltidspersonell.

Hafslo lokalstasjon har 8 deltidspersonell.

I Veitastrand er det eit depot og 5 frivillige mannskap utan vaktordning.

Brannvesenet har ikkje kvalifisert røykdykkarteneste.

**Vaktordning**

Ingen krav til overbefalsvakt eller fast vaktordning.

Kommunen har etablert ei 5-delt dreiane vaktordning for utrykningsleiar og sjåfør. Denne gjeld heile året.

**Utstyr**

Det er behov for innkjøp av ny vaktbil snarast.

Andre utrykningskøyretøy er 15-20 år, og det må pårekna utskifting i løpet av 10-15 år.

**Brannstasjon**

Det er behov for "ny" i brannstasjon i Gaupne. Det er i 2010 budsjettet med planleggingsmidlar.

**Tilsynsrapport frå DSB**

Avvik i siste tilsynsrapport frå DSB er lukka.

## 2.4 Sogndal kommune

Grunnlaget for dagens organisering av brannvernet i Sogndal kommune er vedtatt brannordning.

**Nøkkeltal**

Innbyggjartal:	7035
Utrykningar:	55
Bustadar:	3100

Piper: 2864  
 Øvingstimar: ca. 60 timer pr. person  
 Særskilde brannobjekt: 63

#### **Leiing og førebyggande**

Brannsjef:	35%,
Avd.leiar førebyggande:	35%,
Avd.leiar beredskap:	100%
Førebyggande:	70%
Samla stillingsstorleik:	240% stilling

Feietenesta og tilsyn i bustader vert kjøpt frå Luster kommune.

#### **Beredskap og utrykningsstyrke**

Innsatsleiinga utgjer 4 overbefal.  
 Den faste utrykningsstyrken i Sogndal er alle deltidspersonell og utgjer 4 utrykningsleiarar og 12 mannskap/røykdykkarar, delt på 4 lag.  
 Brannvesenet har kvalifisert røyk- og kjemikaliedykkartene.

Bistasjon i Fjærland med noko utstyr og 7 mannskap utan vaktordning.

#### **Vaktordning**

Overbefal går i dreiande 4-delt vaktordning.  
 Frå og med 01.01.2010 er det etablert dreiande vaktlag (4 personar) med deltidspersonell heile veka, jfr. dim.forskrifta §5-3.

#### **Utstyr**

På utstyrssida er brannvesenet ajour pr. dato.  
 Sogndal brannvesen har regionalt depot for å handtere akutt forureining i Indre Sogn.  
 Det er behov for å bytte 2-3 gamle bilar mot ein ny brannbil i løpet av ca. 5 år. Då vil også plass-situasjonen i stasjonen verte betre.

#### **Brannstasjon:**

Sogndal har brannstasjon med nødvendige fasilitetar.

#### **Tilsynsrapport frå DSB:**

Avvik i siste tilsynsrapport frå DSB er lukka.

### **2.5 Vik kommune**

Grunnlaget for dagens organisering av brannvernet i Vik kommune er vedtatt brannordning frå 1997, revidert i 2006.

#### **Nøkkeltal**

Innbyggjarar:	2768
Utrykningar:	10
Bustadar:	1200
Piper:	1200
Øvingstimar:	ca. 20 timer pr. person

Særskilde brannobjekt: 48

#### **Leiing og førebyggande**

Brannsjef:	15%
Avd.leiar beredskap:	15%
Avd.leiar førebyggande / førebyggande personell:	15%/60%/10%*
Feiring:	100%*
Samla stillingsstorleik:	215% stilling

60% på førebyggande personell er rekna ut frå tal tilsynsobjekt i staden for innbyggartal, noko som er nødvendig for å kunne gjennomføre pålagte tilsyn etter vedtatt objektliste.

\*For 2010 er stillingsdelane auka for sal av tenester til nabokommunar, 20% på førebyggande, tilsett feiar i full stilling.

Vaktordning og beredskapsstyrke utgjer i tillegg ca. 190% stilling.

Brannsjef og varabrandsjef har overordna innsatsleiing utan vaktberedskap. I tillegg inngår dei i vaktordninga som uthyrningsleiarar.

Den faste uthyrningsstyrken består av 4 uthyrningsleiarar, 12 mannskap og 3 reserve.

Det er vedtatt røykdykkarteneste i kommunen.

#### **Vaktordning**

(Ingen krav til overbefalsvakt eller fast vaktordning.) ROS-analyse sist rev. 2005.

Det er oppretta dreiande 4-delt vaktordning for uthyrningsleiarar. Denne dekkjer også teknisk vakt. Mannskapa er oppdelt i lag med dreiande vakt i helgar og høgtider.

I Fresvik er der 7 mannskap som vert kalla ut på telefon frå Alarmsentralen, og fungerer som ein forstyrke fram til mannskapa kjem frå Vik.

#### **Utstyr**

Hovudbil:	Mercedes-Benz (2006)
Tankbil:	Mercedes-Benz (1978)
Reservebil:	Fargo (1963)
Befalsbil:	Mitsubishi (1998)
I Fresvik:	Jeep (1985)

Brannvesenet disponerer funksjonelt og tilstrekkeleg utstyr med høg driftssikkerheit til innsats ved dei brannar og ulykker som kan forventast, herunder transportmidlar, pumper, slangar og anna slokkeutstyr, samt utstyr til bruk ved akutt forureining.

#### **Brannstasjon**

Dagens stasjon er eit bygg på ca. 150 m<sup>2</sup>, og er tilfredsstillande.

#### **Tilsynsrapport frå DSB**

I siste tilsynsrapport i 2006 frå DSB vart det påvist nokre mindre avvik. Desse avvika er lukka.

### 3. REGELVERK OG SAMARBEIDSFORMER

Samarbeid på tvers av kommunegrensene er omtala og styrt gjennom fleire lovverk. Ved revisjon av dei ulike regelverka har vi dei siste 10-15 åra sett at sentrale myndigheter gje sterke signal om samarbeid mellom kommunane, spesielt for små og mellomstore kommunar. Dette gjeld også innanfor brann- og redningstenesta.

#### 3.1 Kommunelova

Interkommunalt samarbeid gjennom kommunelova er regulert i kap. 5. Dette kan skje ved at to eller fleire kommunar opprettar eit felles styre for å løyse felles oppgåver, eller ved at ein eller fleire kommunar overfører mynde til ein vertskommune.

##### 3.1.1 *Interkommunalt samarbeid etter kommunelova*

Av §27 i kommunelova fylgjer det mellom anna at to eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre for å løyse felles oppgåver. Til slikt styre kan kommunestyra sjølve gje mynde til å ta avgjerder som angår verksemda si drift og organisering. Det skal etablerast eigne vedtekter for det interkommunale styret, og §27 nr. 2, og slike vedtekter skal som minst avklare følgjande forhold:

- Opprettiging av styre og samansetning.
- Styret sitt virkeområde.
- Deltakarkommunane sine innskot til verksemda.
- Om styret skal ha mynde til å oppta lån eller på annan måte påføre deltagarkommunane økonomiske plikter.
- Oppløysing av samarbeidet.

##### 3.1.2 *Vertskommunemodell etter kommunelova*

Ein kommune kan overlate gjennomføring av lovpålagde oppgåver, og delegera mynde til å treffe vedtak som omtalt i forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a til ein vertskommune etter §§ 28 b og 28 c dersom den aktuelle lov ikkje er til hinder for det.

Etter §28 b, administrativt vertskommunesamarbeid, skjer samarbeidet ved at kommunestyret gjev instruks til eigen administrasjonssjef om delegasjon av mynde til administrasjonssjefen i vertskommunen. Folkevalde organ i vertskommunen har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde for vedtak som administrasjonssjefen gjer etter delegert mynde frå deltagarkommunen.

Etter §28 c, vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd, skjer samarbeidet ved at kommunane som deltek i vertskommunesamarbeidet avtalar å opprette ei felles folkevald nemnd i vertskommunen. Kvar deltagarkommune skal vere representert med to eller fleire representantar i nemnda. Deltagarkommunane kan delegera til nemnda mynde til å treffe vedtak også i saker av prinsipiell betydning. Dette skal skje ved at kommunestyra sjølve delegerer same kompetanse til nemnda. Nemnda kan delegera vidare til vertskommunen sin administrasjon mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Denne organiseringa kan vere aktuell dersom ein ikkje ynskjer å etablere eit reint interkommunalt selskap (IKS), eller dersom ein ynskjer samarbeid berre for ein del av tenesteområdet.

### 3.2 Lov om interkommunale selskap

Lova set mellom anna krav om at den enkelte deltakar (kommune) heftar uavgrensa for ein prosent- eller brøkdel av selskapet sine plikter. Vidare set lova krav til at det vert oppretta ein skriftleg selskapsavtale, eit representantskap, eit styre og at det vert tilsett ein dagleg leiar (brannsjef).

#### 3.2.1 Interkommunale selskap (IKS)

Eit IKS er eit eige rettssubjekt, og har eit eige ansvar for dei oppgåver som er tillagt selskapet. Herunder også alt personalansvar. Dei fleste kommunar har erfaring med etablering og drift av IKS frå andre fagområder. Der er mange brannvesen rundt om i landet som er organisert gjennom IKS-modellen. Dette gjer at det er mykje erfaring å hente frå andre tilsvarende selskap. Organisering av eit IKS skjer gjennom eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar (brannsjef). Under brannsjefen vert brannvesenet organisert på vanleg måte med ei førebyggande avdeling og ei beredskaps avdeling. Ved val av denne modellen vil det vere mest naturleg at ein overfører drifta av "heile" brannvesenet til selskapet.

### 3.3 Brann- og eksplosjonsvernlova

Denne lova gjev føringer for samarbeid mellom kommunane innanfor brannvernarbeidet. I §9 står det mellom anna at:

*To eller fleire kommunar kan avtale å ha felles brannvesen eller felles leiing av brannvesenet. Kommunen kan gjennom avtale overlate brannvesenet sine oppgåver og leiing heilt eller delvis til ein annan kommune, verksemd e.l. Kommunen må i slike tilfeller etablere ordningar som sikrar at all utøving av mynde etter lova skjer under kommunen sitt formelle ansvar.*

Vidare i §15 står det at:

*Kommunane skal samarbeide om lokale og regionale løysingar av førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver med sikte på best mogleg utnytting av dei samla ressursane.*

Gjeldande forskrifter under brann- og eksplosjonsvernlova gjev meir detaljerte føringer og krav ved etablering av samarbeid, dimensjonering av brannvesen m.m.

### 3.4 Samarbeidsformer brannområdet

Brannvesenet er organisert på ulike måtar rundt om i landet. Det mest vanlege er fortsatt at kvar enkelt kommune har sitt eige brannvesen. Men det vert fleire og fleire kommunar som løyser desse oppgåvene gjennom forpliktande samarbeid. Kommunegrensene kan ofte vere eit hinder for effektiv utnytting av brannvernressursane i ein region. Pr. 1. januar 2008 var det i landets 430 kommunar organisert 340 brannvesen. 136 kommunar samarbeider med annan kommune om felles brannvesen. Talet på samarbeidsordningar har auka også dei siste 2 åra.

Når fleire enn 2 kommunar inngår samarbeid som omfattar alle tenesteområda innan brann, har dei aller fleste organisert dette gjennom etablering av eit interkommunalt selskap (IKS). Særleg gjeld dette samarbeid mellom "likeverdige" kommunar. Dømer på dette er Hallingdal brann- og redningsteneste IKS (3 kommunar) og Midt-Hedmark brann og feievesen IKS (10 kommunar)

Interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27 er mest vanleg brukt når berre to kommunar inngår samarbeid som omfattar alle tenesteområda innan brann. Døme på dette er samarbeidet mellom Lom og Skjåk kommunar i Gudbrandsdalen.

Vertskommunemodell etter kommunelova §28 er mest vanleg brukt der ein bykommune tek på seg brannvernoppgåvane til ein eller fleire mindre nabokommunar. Døme på dette er Lardal og Hof kommunar som har delegert all mynde etter brannlova til Kongsberg kommune. Denne organiseringa vert også ofte nytta når fleire kommunar inngår samarbeid på berre ein mindre dal av tenesteområdet (felles brannsjef, felles førebyggande avd., felles feieteneste m.m.).

For meir informasjon vert det vist til vedlegg 2 (referanseprosjekta) og 4 (regelverk).

## 4. FORPROSJEKTET

### 4.1 Gjennomføring

Under forprosjektet vart det gjennomført i alt 5 møter i arbeidsgruppa. Arbeidet starta i Sogndal den 21.09.09, og med siste møte i prosjektgruppa den 11.12.09. Møte nr. 3 (den 06.11.09) vart gjennomført i Hallingdal på Torpomoen Øving- og Redningspark. Hovudtema på dette møtet var gjennomgang av referanseprosjekt, og prosjektgruppa fekk mellom anna ein presentasjon av Hallingdal Brann- og Redningsteneste IKS.

Rapport "Forprosjekt Sogn Brannvern" vart overlevert og datert den 28.12.09.

### 4.2 Konklusjon og tilråding

Arbeidet med forprosjektet synte at det var eit godt grunnlag for å vidareføre prosjektet. Som ein del av oppdraget i forprosjektet skulle konsulenten legge fram eit tilråding til kommunane. Grunnlaget for tilrådinga er særleg utdjupa i forprosjektet kap. 11 - Konklusjon og tilråding. Tilrådinga var slik:

*"Vår tilråding vil vere at kommunane Leikanger, Sogndal og Luster må vidareføre denne prosessen med tanke på:*

- *å etablere eit felles brannvesen organisert som eit interkommunalt selskap (IKS) i samsvar med lov om interkommunale selskap.*
- *at lokalisering av leiinga og tilsynspersonell bør vere i Sogndal. Det bør i neste fase gjerast ei nærmare vurdering av lokalisering av feietenesta. Dette fordi denne tenesta i dag er lokalisert i Gaupne og styrt frå Luster kommune. Dette fungerer godt, men på sikt bør også feietenesta lokalisera i Sogndal som ein del av fagmiljøet.*
- *at det i neste fase er sentrale spørsmål som avtalar, dimensjonering, kostnader, kostnadsfordeling, investeringar, "inngangsbillett" og overgangsordningar som må avklarast fram mot endeleg vedtak.*
- *at ein tek sikte på ei framdrift som medfører at selskapet kan vere etablert med verknad frå 01.01.2011."*

### 4.3 Vidareføring

Etter ein gjennomgang av forprosjektet og konklusjonane der vedtok kommunane å vidareføre prosjektet, men utan å ta stilling til organisering og lokalisering m.m. Det vart frå styringsgruppa (rådmennene) si side gjeve melding om at kommunane ville ha ei nærmare utgreiing og vurdering av desse forholda før det vart fatta endeleg vedtak.

Det har heile tida vore eit ynskje å få med fleire kommunar i eit evt. samarbeid. I samband med forprosjektet vart det sendt ein skriftleg invitasjon til andre kommunar i regionen om å vere med i prosjektet. I løpet av januar 2010 vart det avklart at Vik og Balestrand ville delta i det vidare arbeidet. At tal kommunar aukar frå tre til fem er ein klar fordel for prosjektet, og gjev eit endå sterkare grunnlag for det vidare arbeidet. Saka vart på dette samla grunnlag levert attende til prosjektgruppa for vidare utgreiing. Representantar for kommunane Vik og Balestrand vart fullverdig medlemar i prosjektgruppa og styringsgruppa. At

Prosjektgruppa har hatt fire arbeidsmøter i vinter/vår. Målet med arbeidet er å overlevere ein hovudrapport "Bok-2" til styringsgruppa, og at denne skal vere kommunane sitt grunnlag

for å kunne sei ja eller nei til etablering av felles brann- og redningsteneste. Denne hovudrapporten vert overlevert til styringsgruppa 20. mai 2010.

## 5. FORDELAR OG UTFORDRINGAR VED SAMARBEID

Brannvernarbeidet vert i stor grad leia og utført av tilsette som har dette som ein viss %-del av stillinga si. Erfaringar frå andre områder i landet der det er etablert samarbeid mellom to eller fleire kommunar, syner at det er mange gevinstar å hente. Samstundes skal ein ved gjennomføring av slike prosessar vere merksam på dei barrierene som kan ligge på ulike nivå i organisasjonen. Nøkkelen ligg i felles mål, open dialog, god kommunikasjon, og at ein innanfor dei disponibele rammene ynskjer å etablere ei best mogleg brannteneste for heile regionen.

### 5.1 Fagmiljø

I ein fase der ein skal etablere eit samarbeid, vil det alltid ta litt tid før den nye organiseringa er heilt på plass og fungerer i samsvar med intensjonen. Men erfaringar tilseier at ein ganske raskt vil oppleve fordelane med ei felles organisering. Eit sterke fagmiljø er kanskje den største fordelan ved slike samarbeid. Leiinga og førebyggande personell kan vere tilsette i heile stillingar, der ein har brannvern som sitt einaste fagområde. Eit sterke fagmiljø gjer det også lettare å selje tenester til andre. Fleire faste stillingar gjer også at ein vert mindre sårbar når nokon sluttar i sine stillingar, og det er lettare å rekruttere til eit sterkt fagmiljø.

### 5.2 Kompetanse og opplæring

Fleire heile stillingar samla på ein stad gjev ein samla auka kompetanse. Dette gjer det også lettare å etablere spisskompetanse innanfor ulike områder. Det er forholdsvis strenge krav til kompetanse og opplæring i brannvesenet. Det skal arrangerast fagleg gode øvingar for mannskapa. Planlegging og gjennomføring av slik opplæring vert også lettare når ein har fast tilsette i heile stillingar. Det vert også lettare å samordne opplæringa på tvers av brannstasjonane/kommunane.

### 5.3 Utnytting av ressursar

Eit samarbeid innan dette fagområdet vil gje ei betre utnytting av ressursane. Dette gjeld både i den daglege drifta med tilsyn, feiring m.m., og i ein akuttsituasjon på ein skadeplass. Samarbeid over kommunegrensene gjer at ein lettare vil vurdere ressursbehovet for heile regionen under eitt.

### 5.4 Førebyggjande og beredskap

I eit brannvesen er samspelet mellom førebyggjande og beredskapsavd. viktig. Dette samarbeidet vert sterke når dei som sit i slike stillingar arbeider saman kvar dag. I ein brannsituasjon kan det vere av stor betydning å få informasjon frå personell som har vore i bygget på tilsyn. På same måte er det viktig at førebyggjande personell har god kjennskap til brannutvikling i praksis. Samarbeid og større fokus på øvingar og opplæring av mannskap vil gjere det meir attraktivt å vere med i brannvesenet, og medføre ein betre beredskap for heile regionen.

## 5.5 Tilbodet til innbyggjarane

Det er også liten tvil om at betre samarbeid, auka kompetanse, faste stillingar m.m. gjer dette til eit betre tilbod til innbyggjarar og næringsliv. Det vert ei meir forutsigbar teneste. Samarbeidet vil også sikre næringslivet ei lik tilsynsordning og lik sakshandsaming i heile regionen.

## 5.6 Utfordringar

I ein prosess med mål om å inngå eit forpliktande samarbeid mellom kommunane, kan det ligge mange utfordringar. Dersom ein skal lukkast med slike prosessar, så må det vere god kommunikasjon og ein open dialog på alle nivå. Ingen må stille med vikarierande motiv. Samstundes er det viktig å avklare dei områda der det kan vere usemje, og som i verste fall kan medføre at prosjektet "strandar" underveis i prosessen. Kort oversikt over område der det kan ligge slike utfordringar:

- Politiske nivå
  - Ei organisering utanfor den vanlege kommunestrukturen kan virke litt "langt borte". Det politiske miljøet kan føle at dei mistar den reelle styringa av dette tenesteområde, både fagleg og økonomisk.
- Administrativt nivå
  - Personar som sit i stillingar i dag som vert lagt inn i eit fellesskap mistar "goder". Fem brannsjefstillingar skal endrast til ein.
- Lokalisering
  - Kanskje det som ofte skapar størst debatt ved samordning av tenester mellom kommunane. Her kan det vere sterke meininger på både på administrativt og politisk nivå. Skal ein lukkast er det vesentleg at ein klarar å løfte blikket og sjå på kva som er det beste for regionen samla sett.
- Kostnadar
  - Organisering og dimensjonering av brannvesenet er i stor grad regelstyrt, og det er sett minstekrav gjennom lov og forskrift. Dette gjer at det ofte er lite å hente rein økonomisk på eit slikt samarbeid. Erfaringar frå andre samarbeidsordningar er at ein får ei betre teneste, og eit sterkare fagleg miljø. Også det forholdet at ein i eit "profesjonalisert" brannvesen vert stillingane/-prosentane nyttar til brann. I ein ordinær kommuneorganisasjon er det ofte kombinasjonsstillingar der det ikkje alltid er samsvar mellom %-fordeling på papiret og det som faktisk vert nytt. Eit sterkare fagmiljø og heile stillingar, kan gjere det mogleg å auke inntektsgrunnlaget for brannvesenet gjennom å tilby kurs, øvingar og tenester til andre kommunar og til næringslivet.
- Avstand
  - Større fysisk avstand frå brukar til der brannvesenet er lokalisert kan følast som ein reduksjon i tenestetilbodet. I ein overgangsfase kan dette delvis kompenserast ved at personar som i dag sit med større stillingsheimlar, og skal vere med inn i det nye selskapet, har faste dagar i "heimkommunen". Erfaringsmessig går meir og meir av kommunikasjonen til og frå brannvesenet via telefon og internett. Det gjer at avstand frå brukar til brannvesenet si lokalisering er av mindre betydning.

- Utstyrsnivå

Ved oppstart av ei felles ordning bør det gjennomførast ei vurdering av kva utstyrsnivå kvar einskild kommune skal ligge på som "inngangsbillett". Dette for at det ikkje skal løne seg å ha nedprioritert kjøp av utstyr over tid.

## 5.7 Oppsummering

Arbeidet i prosjektgruppa går i ei klar retning og med eit samla ynskje om å etablere ei felles organisering av brannvernet for dei fem kommunane. Fordelane med ei felles organisering synest langt større enn ulempene.

Dei samtalar/møter ein har hatt med styringsgruppa og ordførargruppa, viser også at det er eit godt grunnlag for å få til eit forpliktande samarbeid på tvers av kommunegrensene. Under arbeidet har det ikkje kome fram vesentlege moment som talar mot etablering av eit felles brannvesen for dei fem kommunane.

Frå sentrale myndigheter kjem det heile tida nye og skjerpa krav til kommunane si organisering og drift av brannvesenet. Dette gjeld både type oppgåver som skal løysast, nødvendig utstyr, opplæring og kompetanse og ikkje minst dokumentasjonskrava. Ein revisjon av "forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesenet" er under arbeid. Sjølv om vi pr. dato ikkje veit sikkert kva innhaldet vil vere, kan ein nok vere sikker på at krava overfor kommunane ikkje vert redusert. Dette gjer det naudsynt med eit utvida samarbeid mellom kommunane for å kunne løyse dagens og framtidas oppgåver innan brannvern. Dei som skal ha ansvar for brannvernarbeidet til kommunane må kunne arbeide med dette på heiltid, og ikkje som ein liten %-del av ei anna hovudstilling i kommunen. Mindre kommunar vil naturlegvis ha større utfordringar enn større med å løysa oppgåver og innfri krav i eigen regi.

## 6. FELLES BRANN- OG REDNINGSTENESTE

Etablering av ei felles brann- og redningsteneste for dei fem kommunane vil verte eit fagleg løft for brannvernarbeidet i heile regionen. Dette vil også vere det fyrste store brannvernsamarbeidet mellom kommunar i Sogn og Fjordane. Når ein skal velje namn på samarbeidet/selskapet, så bør ein også tenkje framover. Eit slikt samarbeid kan lett utvidast med nye deltakarkommunar som kjem med innanfor heile tenesteområdet, eller som samarbeider om deltenester. Prosjektgruppa er samde om at det nye selskapet bør ha namnet:

Sogn brann og redning (SBR)

(Ei bedre nynorsk nemning, Sogn brann og bering er drøfta, men prosjektgruppa vurderar at det gir fokus mot "bilberging" og vert upresist i høve det sentrale i denne samanheng.)

Dei mest aktuelle samarbeidsområda er:

- Samarbeid om alle tenesteområda innan brann.
- Samarbeid om deler av tenesteområdet, t.d. førebyggande arbeid (tilsyn, feiling...)

Brannvesenet vert tillagt nye oppgåver i beredskapssamanhang. Brannvesenet har kort responstid, har mannskap med kompetanse innan mange fagområde, har ein del utstyr og er vane med å arbeide i akuttutsituasjonar. Dette gjer at brannvesenet i dag vert kalla ut til oppdrag som tidlegare ikkje høyrd inn under brannvesenet sitt arbeidsområde.

Prosjektgruppa meiner at den mest framtidsretta løysinga er å samle alle tenesteområda innan brannvern i eit felles selskap/samarbeid. Med delte løysingar vil ein god del av gevinstane gå tapt med oppdelinga, m.a. fagmiljø og kompetanse.

### 6.1 Organisering

Dagens organisering (0-alternativet) av brannvernarbeidet i kommunane er kjent, og vert ikkje ytterlegare kommentert. Kommunane har teke initiativ for å få **etablert eit interkommunalt samarbeid for tenesteområde brann**. Dermed er det etablering av eit interkommunalt samarbeid som vert vurdert vidare.

Som vist i kap. 3 kan organisering av eit interkommunalt samarbeid i hovudsak skje ved tre alternative modellar:

1. Interkommunalt selskap (IKS). Dei fem kommunane går saman om å etablere eit IKS som overtek ansvaret for drift av heile brannvernarbeidet for deltakarkommunane.
2. A. Interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27. At dei fem kommunane etablerer eit styre som får mynde til å drifte heile eller deler av tenesteområdet brann.  
B. Interkommunalt samarbeid etter kommunelova §28 med vertskommune. Kommunane delegerer til eigen administrasjon som delegerer vidare til administrasjonen i vertskommunen. Alternativt kan kommunane opprette ei folkevald nemnd som innan dette fagområdet styrer over administrasjonen i vertskommunen. I dette tilfelle delegerer deltakarkommunane mynde til den folkevalde nemnda.

Det vert elles vist til "lov om interkommunale selskap", og "kommunelova §§ 27-28".

Vi har sett opp ein del punkt som er positive for modellane. Punkta er i stor grad henta frå den kontakten vi har hatt inn mot referanseprosjekta, og i kombinasjon med eigne erfaringar frå tilsvarende arbeid. I tillegg er det sagt noko om kva som kan vere hovudargumenta mot eit samarbeid.

#### Felles for alle modellane

- Større og sterke fagmiljø.
- Heile stillingar.
- Det er lettare å heve kompetansen.
- Det er lettare å etablere spisskompetanse.
- Større og sterke fagmiljø gjer det lettare å selje tenester til andre.
- Ei meir forutsigbar teneste.
- Det er lettare å rekruttere til eit større fagmiljø.
- Mindre sårbar når folk sluttar.
- Betre ressursutnytting for regionen.
- Betre informasjonshandtering, både internt og eksternt.
- Auka fokus på HMS-arbeid og kvalitet på tenestene.
- Tydelegare leiarrolle.
- Lik sakshandsaming og likt utgangspunkt for gebyr i kommunane.
- Jamnare standard på bilar, utstyr og materiell.

#### Fordelar med eit IKS

- Eigarane vil ha direkte medverknad og medansvar gjennom representantskap og styre, og kan ha nødvendig politisk kontroll med verksemda.
- Eigarane er meir likeverdige enn kva som er tilfelle om ein vel vertskommune-modellen.
- Eit IKS er ei eiga juridisk eining. Selskapet kan stå for investeringar i eigen regi.
- Forutsigbar budsjettering. Mindre variasjonar frå år til år.
- Lett å knyte til seg fleire medlemskommunar.
- Utvide IKS'et med ulike andre fagfelt (byggesak, tilsyn, m.m.)

#### Fordelar med interkommunalt samarbeid etter kommunelova (§27) med valt styre.

- Administrativt knytt til berre ein kommune.
- Deltakarkommunane delegerer til styret mynde til å treffe vedtak også i saker av prinsipiell betydning.
- Skal driftast i samsvar med kommunelova, og vertskommunen er den juridiske eininga i forhold til tilsetting og avtaleverk.
- Lettare dersom ein berre skal samarbeide om ein del av brannvesenet sitt fagområde, t.d. feiring, førebyggande (tilsyn), brannsjef m.m.
- Det kan vere lettare å styre kostnadsnivået og ressursbruken fordi brannvesenet vert plassert inn i kommunane sitt vanlege økonomi- og beslutningssystem.

**Fordelar med interkommunalt samarbeid etter kommunelova (§28b) med rein "vertskommune-modell".**

- Vertskommunen tek på seg det totale ansvar for drift av brannvernet i deltakarkommunane.
- Med ansvar og mynde plassert i ein kommune vert det ein enkel beslutningsprosess.
- Lettare dersom ein berre skal samarbeide om ein del av brannvesenet sitt fagområde, t.d. feiing, førebyggande (tilsyn), brannsjef m.m.

**Hovudargument mot eit samarbeid**

Samarbeidsordningar, og kanskje særleg IKS, vert ofte oppfatta som ein "stat i staten". Eit tenesteområde som lever sitt eige liv og der kommunane føler at dei sit utan reell makt.

Dette gjeld nok særleg i forhold til den økonomiske styringa.

Avstanden frå kommunen som eigar og til det nye selskapet kan følast stor. Dette kan gjelde både i forhold til dei vedtak som skal gjerast, og fysisk avstand mellom brukarane og der det nye selskapet vert lokalisert.

**Vurderingar**

Det er vanskeleg å seie at den eine måten å organisere eit samarbeid på er mykje betre enn den andre. Det er vesentleg at kommunane er samde om organiseringa, og at det vert utarbeidd og vedtatt gode og klare samarbeidsavtalar. Etter prosjektgruppa si vurdering vil graden av samarbeid vere viktig for om ein bør velje den eine eller andre løysinga.

Val av modell for organiseringa handlar og i stor grad om ein ynskjer at alle deltakarkommunane skal ha lik medverknad i driftsfasen, eller om ein ser det som ein fordel at driftsansvaret er delegert til ein vertskommune. Kommunelova §28e set minstekrav til innhald i samarbeidsavtale ved vertskommunesamarbeid. Utøver det som står i §28e, står kommunane fritt til å ta med det ein ynskjer i avtalane, under føresetnad av at det ikkje er i strid med gjeldande lovverk.

Ei etablering av IKS medfører mellom anna krav om representantskap og styre. Det er prosjektgruppa si anbefaling at alle kommunane er representerte både i representantskap og i styret. Kven som bør representere kommunane i representantskap og styre kan avklarast seinare når kommunane skal handsame og godkjenne etableringsavtale/selskapsavtale. Det bør vere ei viss fagleg forankring i styre, og for å ha ei sterk politisk forankring i deltakarkommunane kan det vere ein fordel at ordførarane sit i representantskapet.

Som eigrarar har kommunane full styring med eit IKS dersom dei ynskjer det. For at dette skal fungere etter intensjonen, må dei som representerer kommunane i representantskap og styre ha nødvendig mynde frå sin eigen kommune. I tillegg må det setjast av nok tid til det styrande arbeidet i eit IKS`et.

Dersom ein vel å organisere ei felles brannteneste som eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova med vertskommune og felles nemnd/styre, må det også vere slik at alle kommunane er representert i slik felles nemnd/styre. Også ei slik organisering krev at kommunane må godkjenne samarbeidsavtala.

Fordelen med ein rein vertskommune-modell er at alt ansvar og mynde vert plassert i ein kommune, og at dette gir grunnlag for ein enkel og effektiv drift av brannvesenet. Vurdert etter rein effektivitet vil ein rein vertskommunemodell kome best ut.

Men prosjektgruppa meiner at ei organisering med vertskommunemodell er mindre aktuell då dette vil gi dei andre kommunane liten deltaking /medverknad i samarbeidet. Dette finn ein uheldig då det framleis skal vere mykje stadbunden aktivitet innan brannområdet i kvar kommune, og at det av den grunn er viktig at alle kommunane er aktive partar i samarbeidet.

### Konklusjon

Prosjektgruppa er samde om at ei ny felles brann- og redningsteneste for dei fem kommunane bør organiserast som eit IKS, og at det nye selskapet bør dekke alle ansvarsområde som normalt ligg til brannvesenet etter brann- og ekspløsjonsvernlova.

Vertskommunemodellen kan vere meir aktuell dersom det vert etablert fellesløysingar for berre ein del av tenesteområda, t.d. alt førebyggjande arbeid med feiring og tilsyn.

## 6.2 Dimensjonering

Minstekrav til dimensjonering av brannvesenet fylgjer innbyggjartal i kommunen og innbyggjartal i tettstader. I tillegg skal det takast høgde for risikoforhold som vert avdekkja gjennom ROS-analysa. Det medfører at dimensjonering av eit felles brannvesen i all hovudsak vil vere summen av dimensjoneringa i dei enkelte brannvesen.

Dimensjoneringsforskrifta viser mellom anna følgjande krav:

### §2-5 Brannsjefen og avdelingsledelse

*"I kommuner eller brannvernregioner med mer enn 20.000 innbyggere skal brannvesenet ledes av en kvalifisert person i hel stilling.*

*Brannvesenet skal organiseres med en forebyggende avdeling og en beredskapsavdeling. I kommuner eller brannvernregioner med mer enn 20.000 innbyggere skal hver avdeling ledes av en person i hel stilling."*

### §3-2 Forebyggende oppgaver

*"Det skal utføres minst ett årsverk brannforebyggende arbeid etter forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn pr. 10.000 innbyggere i kommunen eller brannvernregionen. Andre forebyggende oppgaver brannvesenet påtar seg krever ytterligere ressurser."*

### §5-6 Overordnet vakt

*"I kommuner eller brannvernregioner med tettsteder med mer enn 2.000 innbyggere skal det være dreiende overordnet vakt. Brannsjefen og stedfortreder skal inngå i vaktordningen. Overordnet vakt skal kunne lede samtidig innsats på flere skadested. Flere kommuner kan ha felles overordnet vakt."*

### § 4-8. Innsatstid

*"Til tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning, sykehús/sykehjem mv., strøk med koncentrert og omfattende næringsdrift o.l., skal innsatstiden ikke overstige 10 minutter. Innsatstiden kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risiko. Kommunen skal dokumentere hvordan dette er gjennomført.*

### § 5-1. Dimensjonering og lokalisering

*"Enhver kommune skal ha beredskap for brann og ulykker som sikrer innsats i hele kommunen innenfor krav til innsatstider etter § 4-8. Samlet innsatsstyrke skal være minst 16 personer, hvorav minst 4 skal være kvalifiserte som uthykningsledere.*

#### **§ 5-2. Vaktlag og støttestyrke**

*"Et vaktlag skal minst bestå av: - 1 uthykningsleder*

*- 3 brannkonstabler/røykdykkere.*

*Støttestyrke er:*      *- fører for tankbil*  
*- fører for snorkel-/stigebil."*

#### **§ 5-3. Vaktberedskap**

*"I spredt bebyggelse og i tettsteder med inntil 3.000 innbyggere kan beredskapen organiseres av deltidspersonell uten fast vaktordning. Til tider hvor det ikke kan forventes tilstrekkelig oppmøte ved alarmering skal det opprettes lag med dreiene vakt.*

*I tettsteder med 3.000 - 8.000 innbyggere skal beredskapen være organisert i lag bestående av deltidspersonell med dreiene vakt."*

#### **Dimensjoneringsgrunnlag**

KOMMUNE	INNB. I KOMMUNE, 1), 2)	INNB. I SENTRUM, 3)
LEIKANGER	2182	1946
SOGNDAL	7035	3208 – Sogndal 854 – Kaupanger 531 – Kjørnes
LUSTER	4945	1075 – Gaupne 305 – Hafslø
VIK	2768	1083
BALESTRAND	1344	803
SUM	18274	

- 1) Tal er henta frå SSB pr. 01.01.10.
- 2) Tal studentar i skuleåret og turistar i touristsesongen er ikkje rekna med. Dette er faktorar som det evt. må vurderast konsekvensane av i samband med ROS-analyser.
- 3) Tal er henta frå SSB pr. 01.01.09.

#### **Konsekvens av dimensjoneringsgrunnlaget**

Dagens dimensjonering av brannvesenet i den enkelte kommune er beskrive i kap. 2.

Tabellen nedanfor viser kor stor stillings-% kommunane i dag rapporterer til DSB at dei brukar på brannvesenet til stillingar som brannsjef, avdelingsleiarar og førebyggande. Tala i ( ) viser minstekrav etter dimensjoneringsforskrifta.

KOMMUNE	LEIKANGER	SOGNDAL	LUSTER	VIK	BALESTRAND	SUM (alle kommunar)
INNB.TAL (SENTRUM)	2182 (1946)	7035 (3208)	4945 (1075)	2768 (1050)	1344 (1000)	18274
BRANNSJEF	10% (krav 11%)	35% (krav 35%)	100% (krav 25%)	15% (krav 14%)	10% (krav 7%)	170% (krav 92%)

LEIAR BERED.	10% (krav 11%)	100% (krav 35%)	(krav 25%, inngår i brannsjef- stillinga)	40% (krav 14%)	10% (krav 7%)	160% (krav 92%)
LEIAR FØREB.	(krav 11%)	35% (krav 35%)	100 % (krav 20% inngår i brannsjef)	60% (krav 14%)	35% (krav 7%)	230% (krav 92%)
FØRE- BYGGANDE	20% (krav 24%)	70% (krav 70%)	(krav 50%, 30 % inngår i brannsjef, 30 % inngår i leiar foreb., sum 60 %)	(krav 30%, inngår i leiar føreb.)	(krav 14%, inngår i leiar føreb.)	90% (188%)
SUM (kvar kommune)	40% (krav 57%)	240% (krav 175%)	200% (krav 130%)	115% (krav 72%)	55% (krav 50%)?	Ca. 650% (krav 464%)

Nokre stillingsstorleikar er stipulerte.

I den einskilde kommune er det ikkje noko klart skilje mellom dei ulike stillingane. Det vil av den grunn vere mest rett å sjå på den samla stillings-% som kvar einskild kommune nyttar for å gjennomføre brannvesenet sine ansvarsområde. Vi gjer også merksam på at dei stillings-% som er sett opp som krav, er krav som fylgjer direkte av innbyggjartala. Vi har ikkje lagt inn noko i forhold til evt. ekstra behov som fylgje av ROS-analyse i den einskilde kommunen, og heller ikkje i forhold til tal tilsynsobjekt.

For Leikanger sin del er det for 2010 budsjettert med 40% stilling innan brannvesenet sitt ansvarsområde, og kravet er 57%. Det er lagt opp til å kjøpe noko tilsynstenester frå Vik.

I Sogndal er det opplyst bruk av 240 % stilling i 2010, medan minstekravet er 175%.

Luster kommune har i ein periode to heile stillingar (200%) i brannvesenet. Dette er grunna i permisjon hjå avdelingsingeniør som hadde delstilling i brannvesenet, manglende nestleiarfunksjon i brannvesenet og det forholdet at noverande brannsjef har signalisert at han i 2011 har rett til å fratre på bakgrunn av oppnådd pensjonsalder. For å sikre kapasitet og kontinuitet er det derfor rekruttert inn ny varabrannsjef. Minstekravet for Luster kommune er 125%.

I Vik er det i 2010 avsett ca. 115% stilling (krav 72%). Dette er fordi det er lagt inn sal av tenester til nabokommunar. I tillegg vert det brukt noko meir på beredskap/vakt, basert på ROS-analyse.

I Balestrand er det avsett 55% stilling (krav 50%), men i praksis vert det nok brukt noko mindre enn kravet. Det er vidare lagt opp til å kjøpe noko tilsynsteneste frå Vik.

Tabellen gjev også ein oversikt over dei minstekrava som vil gjelde ved etablering av eit felles brannvesen for dei fem kommunane.

### Vakt og beredskap

Den beredskapen som pr. 01.01.2010 er vedteke i den einskilde kommune, tilfredsstiller etter vår vurdering dei minstekrav som dimensjoneringsforskrifta stiller. Det er nok heller slik at kommunane på nokre områder har valt/vedteke ein beredskap som går utover minstekravet. Dette er gjort med bakgrunn i gjennomført ROS-analyse i den einskilde kommune. I tillegg er det slik at fleire av kommunane i dag har felles vakt for utsynningsleiarar og teknisk vakt.

#### Forskrifta §5-6 stiller m.a. krav om **overbefal**:

*"I kommuner eller brannvernregioner med tettsteder med mer enn 2.000 innbyggere skal det være døende overordnet vakt. Brannsjefen og stedfortreder skal inngå i vaktordningen. Overordnet vakt skal kunne lede samtidig innsats på flere skadested. Flere kommuner kan ha felles overordnet vakt."*

Dette medfører at eit slikt krav i dag berre er gjeldande for Sogndal, men ein skal merke seg at Leikanger berre manglar 54 innbyggjarar i tettstaden før det også er eit krav om overbefal der. Sogndal har innført ordning 4-delt overbefalsvakt f.o.m. 01.09.09.

#### Forskrifta §4-8 set m.a. krav til **innsatstid**:

*"Til tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning, sykehús/sykehjem mv., strøk med konsentrert og omfattende næringsdrift o.l., skal innsatstiden ikke overstige 10 minutter. Innsatstiden kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risiko. Kommunen skal dokumentere hvordan dette er gjennomført."*

Krav til innsatstid er i dag tilfredsstillande løyst i den enkelte kommune ved plassering av brannstasjonar i sentrum av Leikanger, Sogndal, Gaupne, Luster, Hafslo, Vik og Balestrand. I tillegg har Sogndal kommune ein bistasjon i Fjærland med noko utstyr og 7 mannskap utan vaktordning. Luster kommune har 5 frivillige mannskap utan vaktordning på Veitastrand, og Vik kommune har ein bistasjon i Fresvik med noko utstyr og 7 frivillige mannskap utan vaktordning.

For Sogndal kommune sin del vil det vere mogleg å fjerne bistasjonen i Fjærland, men dette er uavhengig av om ein går inn i eit interkommunalt samarbeid eller ikkje. Om bistasjonen i Fjærland skal oppretthaldast bør vurderast nærmare i det vidare arbeidet.

For Luster kommune sin del vil det vere mogeleg å fjerne utstyrdepotet på Veitastrand. I tillegg vil ein på sikt kunne fjerne bistasjonar og mannskap i Luster og Hafslo frå beredskapen. Det er innsatstida til sjukeheimane som har medført krav om desse to bistasjonane. I Luster er det gjennomført kompenserande tiltak med sprinkling, og noko tilsvarende kan gjennomførast i Hafslo. Tilsvarende vurderingar og endringar kan vere aktuelle for bistasjonen som Vik har i Fresvik. Vurdering av slike endringar vil normalt fylgje arbeidet med utarbeiding ROS-analyse og etablering av ny brannordning. I samband med slike endringar, er det vesentleg at ein i forkant gjer nødvendige avklaringar med den enkelte kommune (ang. sjukeheimar o.l.) og DSB først.

**Forskrifta § 5-1 set krav til dimensjonering og lokalisering:**

*"Enhver kommune skal ha beredskap for brann og ulykker som sikrer innsats i hele kommunen innenfor krav til innsatstider etter § 4-8. Samlet innsatsstyrke skal være minst 16 personer, hvorav minst 4 skal være kvalifiserte som utrykningsledere.*

**Forskrifta § 5-2 set krav til vaktlag og støttestyrke:**

*"Et vaktlag skal minst bestå av: - 1 utrykningsleder  
- 3 brannkonstabler/røykdykkere.*

Alle fem kommunane har ein beredskap som tilfredsstiller desse krava. Kvalifikasjonskrava for utrykningsleiarar må vere på plass innan 2012, og her har alle kommunane ein stor jobb å gjøre med utdanning av desse. Då vil det vere ein fordel med eit tett samarbeid mellom kommunane. Det er pr. i dag berre Sogndal og Vik kommunar som har kvalifiserte røykdykkarar.

**Forskrifta § 5-3 set krav til vaktberedskap:**

*"I spredt bebyggelse og i tettsteder med inntil 3.000 innbyggere kan beredskapen organiseres av deltidspersonell uten fast vaktordning. Til tider hvor det ikke kan forventes tilstrekkelig oppmøte ved alarmering skal det opprettes lag med dreiende vakt. I tettsteder med 3.000 - 8.000 innbyggere skal beredskapen være organisert i lag bestående av deltidspersonell med dreiende vakt."*

Dette medfører at både Leikanger, Luster, Vik og Balestrand kan ha beredskap med deltidspersonell utan fast vaktordning. For å vere sikra eit tilstrekkeleg oppmøte er det i alle kommunane lagt opp til vaktordningar. I Leikanger, Vik og Balestrand er det oppretta ei dreiande 4-delt vaktordning for utrykningsleiar/befal. Denne er kombinert med teknisk vakt. I tillegg er det ekstra vakt i helger og høgtider. I Luster er det oppretta ei dreiande 5-delt vaktordning for utrykningsleiar og sjåfør. Denne gjeld heile året.

Sogndal kommune har ein tettstad på meir enn 3000 innbyggjarar. Her er det eit krav at beredskapen skal vere organisert i lag bestående av deltidspersonell med dreiande vakt heile året. Sogndal kommune starta med denne vaktberedskapen f.o.m. 01.01.2010.

**Feietenesta**

Leikanger og Sogndal har over noko tid kjøpt feietenesta inkl. tilsyn i bustadar hjå Luster kommune. Luster kommune har hatt to heile stillingar (200 %) til å utføre dette arbeidet, og erfaringa tilseier at dette er tilstrekkeleg. Balestrand har kjøpt teneste frå Luster om tilsyn i bustader. Tilsvarande har Vik ein feiar i heil stilling, og har tilbod om å levere teneste til Balestrand og Leikanger kommune. Dersom det ikkje kjem vesentlege endringar i dei arbeidsoppgåvene som feietenesta skal utføre, er konklusjonen at 300 % stilling framleis vil vere tilstrekkeleg for å dekkje dette arbeidsområdet.

## Organisasjonskart for felles brannvesen



Kartet syner ei organisering og dimensjonering av eit felles brannvesen nær opp til det som må reknast som sannsynleg minimumsutforming basert på forskrift.

På branntilsyn er det vist 165% stilling. Normalt vil det være særers vanskeleg å rekruttere kvalifisert personell til ei 65% stilling. Det er av den grunn lagt inn ei 35% stilling for "inntektsbringande tiltak". Brannvesenet vil kunne selje tenester som kurs og øvingar til næringsliv og private, tilsyn i andre kommunar o.l. Med den kompetansen som brannvesenet vil inneha, vil det normalt ikkje vere problem å dekke opp ein slik stillingsdel.

I kommunar og regionar som har tettstader med meir enn 2000 innbyggjarar er det krav om dreiande overordna vakt (overbefal). Denne overordna vakta er som oftast 4 eller 5-delt. Brannsjefen og stedfortredar (varabrannsjef) skal inngå i denne vaktordninga. Overordna vakt skal kunne leie innsats på fleire stader samstundes, og fleire kommunar kan ha felles overordna vakt. I denne regionen er det pr. dato berre Sogndal som har direkte krav til overordna vakt. Overordna vakt har brannsjefen sin mynde under innsats, og vil i samband med utrykningar også i dei andre kommunane, ha ein funksjon som "fagleiar brann" og rykkje ut til skadested for å leie innsatsen.

### Konklusjon

Vedtatt brannordning i den enkelte kommune må ligge til grunn for dimensjonering av felles brann- og redningsteneste. Tal stillingar i administrasjon, tilsyn og feiling må som minimum vere i samsvar med minstekrava etter dimensjoneringsforskrifta, og i samsvar med ROS-analyse i den enkelte kommune.

Vedlagt organisasjonskart syner korleis eit felles brannvesen for dei fem kommunane kan bli /vert utforma. Nytt selskap får ansvar for å utarbeide ny brannordning og tilhøyrande ROS-analyse for regionen.

## 6.3 Lokalisering

Tilrådinga i forprosjektet var å lokalisere ei felles brann- og redningsteneste i Sogndal. Brannstasjonar med tilhøyrande utstyr og mannskap må sjølvagt framleis vere lokalisert i den enkelte kommune, men den administrative og førebyggande delen bør samlokalisera. Å samle denne delen av brann- og redningstenesta i ei eining og i utgangspunktet på ein stad, er ein av dei store fordelane med heile samarbeidet. Dette gjev heile stillingar innan fagområdet, lettare rekruttering, høgare kompetanse og på det grunnlag også ei betre teneste til innbyggjarane i heile regionen.

### Vurdering

Lokalisering av slike fellestjenester kan ofte vere vanskeleg. Kommunane har kanskje samarbeid på fleire andre tenesteområde, og har kanskje hatt praksis for å fordele lokaliseringa tilnærma likt mellom kommunane. I ein overgangsfase kan det også vere aktuelt å ha tenesteområde fordelt på fleire lokaliseringar. Som eit døme kan det vere aktuelt å ha feiarar lokalisert i fleire kommunar, men med faste samlingstidspunkt i felleslokala. Tilsvarande kan vere aktuelt for tilsynspersonell.

Ei slik felles organisering av brann- og redningstenesta mellom kommunane bør ikkje vere noko statisk organisasjon, heller ikkje når det gjeld lokalisering og plassering av dei ulike funksjonane. Det er vesentleg at organisasjonen heile tida søker etter kva som samla sett gjev den beste drifta og løysinga for innbyggjarane i regionen.

For dei som har sin arbeidsplass i ei interkommunal brann- og redningsteneste, så vil betydninga av kommunegrensene gradvis bli borte. Dei tilsette vil alltid ha fokus på arbeidsoppgåvene som skal gjerast, og ikkje om dei utfører branntilsyn i Balestrand eller Luster.

Grunngjeving for lokalisering i Sogndal vil vere;

- Det er berre Sogndal kommune som i dag har krav om overordna vakt (overbefalsvakt). Dette fordi tettstaden Sogndal har meir enn 2000 innbyggjarar. Brannsjef og stadfortredar (varabrannsjef) skal inngå i overbefalsvakta.
- Geografisk sett ligg Sogndal plassert sentralt i regionen.
- Sogndal har størst trafikktettleik og er det tettast befolka området i regionen. Dette gjer også at risikoene for ulike type hendingar er størst i Sogndal. Statistikken over tal utrykningar viser også dette.
- Det vil samla sett vere ein fordel med ei sentral plassering m.o.t. reiseavstandar og reisetid, og i høve til overgangsordningar for eksisterande stillingar i enkeltkommunar, kurs – og øvingsaktivitet m.m.
- Det at Balestrand og Vik har kome med i samarbeidet gjer at ei lokalisering i Sogndal vert endå meir naturleg. Det er eksempelvis aktuelt og ynskjeleg at tilsette frå brannordninga både i Luster og Vik vert med over i det nye samarbeidet.

### Aktuelle fysiske lokaliseringar

Det er sett på mogleg lokalisering (kontorplassar) for felles brann- og redningsteneste i "grushola" i Sogndal sentrum. Konklusjonen er at dette kan løysast med ombygging/tilbygg til eksisterande bygg. Dette vil gje ei lokalisering i tilknytning til brannstasjonen og utedriften til Sogndal kommune. I "grushola" er det også lokalisert andre bedrifter og selskap som vil vere med å styrke fagmiljøet, Sognekraft, Bedrifthelsetenesta og Norconsult.

### Konklusjon

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, er prosjektgruppa samde om at eit nytt selskap for felles brann- og redningsteneste bør lokalisera i Sogndal.

Ved etablering av selskapet bør det i nødvendig grad etablerast overgangsordningar som sikrar at dei som i dag sit i stillingar i brannvernet vert med inn i det nye selskapet, og etter nærmare avtale dels kan arbeide ut frå den kommunen dei i dag har som heimkommune.

## 6.4 Kostnad

Samla budsjetttramme for dei fem kommunane ligg på ca. 11,5 mill. Dette gjev ein kostnad på ca. kr. 635,- pr. innb. For dei to IKS som vi har bruk som referanseprosjekt ser vi at Hallingdal Brann- og Redningsteneste IKS har ein kostnad på ca. 500,- pr. innb., og Gauldal Brann- og Redning IKS har ein kostnad på ca. 650,- pr. innb. Dette er kostnader utan investeringar (avskrivning av køyretøy o.l.). Skjåk og Lom kommunar har eit interkommunalt samarbeid organisert etter kommunelova, og har i dag ein kostnad på ca. kr. 700,- pr. innb.

### Alternativ kostnadsfordeling for felles brann- og redningsteneste

Innanfor etablerte IKS og andre samarbeidsformer finn ein ulike måtar å fordele kostnader på. Nokre vel å fordele kostnadene mellom kommunane i forhold til innbyggjartalet. Dette er ein enkel måte å gjere det på, men den gjev nok ikkje eit korrekt bilet av den faktisk brukte tida i den enkelte kommune. Då kan det vere meir rett å ta utgangspunkt i vedteken felles brannordning, og setje opp ei fordeling der ein har ulik fordelingsnøkkel for dei ulike budsjettområda.

Fordelingsskjema for deling av kostnader:

KOMMUNE	LEIKANGER	SOGNDAL	LUSTER	VIK	BALESTRAND	SUM kommunar
<b>INNB.TAL (% av total)</b>	2182 (12%)	7035 (38%)	4945 (27%)	2768 (15%)	1344 (8%)	18274
<b>Adm. og fellesutg.</b>	6% fast	6% fast	6% fast	6% fast	6% fast	30% fast
	9% innb.t	29% innb.t	20% innb.t	11% innb.t	6% innb.t	70% innb.t
<b>Vakt Overbefal</b>	10% av kostnad	75% av kostnad	10% av kostnad	2,5% av kostnad	2,5% av kostnad	100%
<b>Vaktordning</b>	% av samla kostnad på grunnlag av dagens vaktordning					
<b>Tilsyn</b>	20 9% etter tal objekt	63 29% etter tal objekt	53 25% etter tal objekt	48 23% etter tal objekt	30 14% etter tal objekt	214 100%
<b>Feiling + tilsyn bustad</b>	850 piper 12%	2864 piper 40%	1800 25%	1200 16%	475 7%	7189 100%
<b>SUM</b>						
<b>Investering Til fond</b>	% etter eigardel					
<b>Utjamning etter takst</b>						

Prosjektgruppa vil tilrå at ein nyttar denne modellen for fordeling av kostnadar som utgangspunkt. Modellen vil over tid kunne utviklast / forenklast.

Nøklar for dei ulike budsjettområda vil gi ei fordeling som verkar rett og rimeleg og som i utgangspunktet har bra samsvar med dagens kostnadsbilde i kommunane i dag, kommunane i mellom og samla budsjett. Prosjektgruppa vurderar fordelinga som rimelege rettferdig med det oversynet ein har i dag. Mindre tilpassingar kan gjerast om det vert avdekka urimelege utslag i samband med budsjettarbeidet for 2011.

Budsjetta i dei enkelte kommunane er ulikt oppbygde. Dette gjer det vanskeleg å legge dagens budsjett direkte inn i tabellen ovanfor.


### Inngangsbilletten - taksering

Til ein kvar tid vil det vere ulikt nivå på brannvernutstyret i den einskilde kommune. For å sikre ein tilnærma lik kvalitet og verdi når ein går inn i eit forpliktande samarbeid, vil det etter prosjektgruppa si meining vere rett å føreta ein takst av det største utstyret (bilar, pumper, redningsutstyr, m.m.), og kompetanse i h.t. gjeldande krav. Takseringa bør gjennomførast av kvalifisert personell med god kjennskap til organisering og drift av deltidsbrannvesen, og som er ugild i h.t. kommunane sine interesser. På grunnlag av ein slik takst kan ein avklare kva beløp den einskilde kommune må inn med for å sikre ein mest mogleg rettferdig inngangsbillett. Eit evt. ekstra beløp kan for den einskilde kommune innbetalast for investeringar/fond over ein periode på t.d. 5 år, ev 10 om det skulle syne seg å verte større skilnader som bør utjamnast.

### Kostnadskontroll

Mange kommunar opplever at det kan vere problem med kostnadskontroll for slike interkommunale samarbeidsordningar. Dette gjeld nok både ved etablering av IKS og andre former for interkommunale samarbeid. For å vise korleis den økonomiske styringa er meint å fungere ved etablering av dette selskapet, er det utarbeidd eit økonomisk styringshjul. Dette viser kva tid dei ulike vedtak med økonomisk verknad vert fatta. Det er vesentleg at kommunane som eigalar har ei reell styring av selskapet. For å få dette til er det også viktig at dei som vert valt som kommunane sine representantar i det nye selskapet avset nok tid til dette arbeidet, og at dei møter i representantskap og på styremøter med nødvendige fullmakter frå sin kommune.

Døme på økonomisk styringshjul



### Investeringar

Alle investeringar i utstyr bør vere det nye selskapet sitt ansvar. Investeringskostnader bør innarbeidast i dei årlege utgiftene (overføringane) frå kommunane. Storleiken på dette beløpet må drøftast nærmare ut frå kommunane sine erfaringar med utgifter og nødvendig utskifting av utstyr. Innbetalte beløp for investeringar kan avsetjast i eit investeringsfond. Dette fondet kan også kunne nyttast for å sikre ballanse i det årlege driftsrekneskapet. Eit IKS vil også kunne handtere sine investeringar via eigne lån.

### Brannstasjon

Det er nok mest hensiktsmessig at den enkelte kommune har ansvar for å stille nødvendige lokalar for brannstasjon til disposisjon kostnadsfritt for det nye selskapet. Det kan og tenkast modellar der det nye selskapet skal betale leige for lokala til brannstasjon. Dette må avklarast i samband med utarbeiding og vedtak og samarbeidsavtale/selskapsavtale om felles brann- og redningsteneste.

### Konklusjon

- Fordeling av driftskostnader, og årlege innbetalingar for investeringar i det nye selskapet skal vere i samsvar med tabell nr. 6.4.1.
- Eigardel i selskapet skal vere i samsvar med den %-del kvar kommune har av vedtatt budsjett for 2011.
- Fordelingsnøkkelen for driftskostnader og eigardel skal reviderast minst 1 gong pr. valperiode (4. kvart år).
- Den einskilde kommunen har ansvar for å stille nødvendige lokalar for brannstasjon til disposisjon for det nye selskapet.
- Inngangsbilletten for den einskilde kommunen vert fastsett etter at det er gjennomført taksering av eksisterande utstyr/materiell i kommunane.

Ein utvida tabell med bedre forklaring på kva som inngår i dei ulike nøklane ligg som vedlegg til rapporten, vedlegg nr.3

## 7. KOPLINGAR OG GRENSESNIITT MOT ANDRE TENESTER

Ved etablering av eit felles brannvesen for dei tre kommunane, vil det gjere det lettare å utvikle eit samarbeid mot andre tenesteområde. Vi har sett på nokre område der det kan vere aktuelt å utgreie eit meir formelt samarbeid.

### 7.1 Tilsyn byggesak

Etter plan- og bygningslova er det eit krav at kommunane skal gjennomføre tilsyn i byggesaker. Ved revisjon av plan- og bygningslova, og tilhøyrande forskrifter, vil det verte eit auka fokus på dette området. I framtida vil kommunane, i større grad enn i dag, måtte avsette tid og ressursar til å føre tilsyn i byggesaker. Sogn Regionråd har gjennomført eit forprosjekt innan dette området. Rapporten er datert 15.08.09. Det vart konkludert med behov for ei 100% stilling for 8 kommunar. I etterkant har desse 5 kommunar (Luster, Sogndal, Leikanger, Vik og Balestrand) eit ynskje om å gå vidare for å etablere ei felles stilling (100%) for tilsyn i byggesaker.

Det er lagt til grunn at denne tenesta skal gebyrfinansierast.

Brannvesenet har frå før lang erfaring i å føre tilsyn. Normalt har sakshandsamarane i kommunane liten erfaring frå slikt arbeid. Arthur Langeland frå regionrådet var med på eit møta i prosjektgruppa for å drøfte mogleg integrering av stilling for byggetilsyn i eit brannvernsamarbeid. Konklusjonen er at det ligg godt til rette for at det nye brannvernsamarbeidet kan ta på seg denne oppgåva. Her kan ein tenkje seg kombinerte stillingar innan tilsyn byggesak og branntilsyn. Slike kombinasjonar vil gjere tenesta personalmessig mindre sårbar, samstundes som slike stillingar kan vere ekstra attraktive for kvalifiserte søkerar. Eit slikt samarbeid vil også kunne vere med å redusere problema ein i dag ofte har i overgangen mellom byggefase til driftsfase.

### 7.2 El-tilsyn

Dei fleste e-verk/nettselskap er med heimel i tilsynslover pålagt å føre tilsyn innanfor sitt forsyningsområde. Det lokale El-tilsyn ved e-verket/nettselskapet er difor ein del av det offentlege tilsynsapparatet for el-sikkerheit og utøver tilsyn under kontroll av DSB. Dette vil vere ein naturleg samarbeidspart for brannvesenet. Når vi veit at feil på elektriske anlegg og feil bruk av elektrisk utstyr er årsak til meir enn 40 % av brannane i Noreg, så er det på tide med eit tverretatleg samarbeid på tilsynsnivå. Brannvesenet skal gjennomføre tilsyn i bustadhus minst kvart fjerde år, medan El-tilsynet fører slikt tilsyn minst kvart tjueår. Ved eit tettare samarbeid, og ved å endre litt på rutinane, vil ein kunne gå tilsyn for kvarandre. I større brannobjekt vil det også vere naturleg å gå felles tilsyn. Eit tettare samarbeid vil vere ein rein vinn-vinn situasjon, og gje eit betre tenestetilbod til innbyggjarane.

### 7.3 Annan kommunal beredskap

Brannvesenet har normalt erfaring frå å drive beredskapsplanlegging, gjennomføre øvingar, og utøve teneste i akutte situasjonar. Dette er kompetanse som bør vere til nytte for alt anna beredskapsarbeid som kommunane skal gjennomføre. Ofte er det slik at kommunane utarbeider ROS-analyser og ulike beredskapsplanar, men det er ikkje ofte det vert øvd på desse, og det er heller ikkje ofte planane vert brukt i praksis. Eit tett samarbeid mellom

brannvesenet og det resterande beredskapsarbeidet i kommunane vil kunne vere til stor nytte for alle partar. Og det vil vere med å auke sikkerheita for innbyggjarane i heile regionen.

#### **7.4 Samarbeid om andre kommunaltekniske tenester**

Kommunane har vedteke å sette i gang eit arbeid med utgreiing av ulike samarbeidsområde innanfor kommunaltekniske tenester. Tilsyn byggesak leverte sin rapport den 15.08.09. No vert det levert eit prosjekt for felles brannvesen. Dersom kommunane vel å etablere eit felles brannvesen, kan det også vere naturleg å vurdere nærmare andre samarbeidsområde innanfor kommunaltekniske tenester. Fleire av kommunane har teknisk vakt kombinert med vakt for uthyrningsleiar/befal i brannvesenet. Slike fellesfunksjonar vil kommunane kunne ta med seg inn i eit brannvernsamarbeid, mot ei avrekna fordeling av kostnader.

#### **7.5 Konklusjon**

Prosjektgruppa meiner alt ligg til rette for å legge felles byggetilsyn inn i ny felles samarbeidsordning. Felles fagfelt og moglege kombinasjonsstillingar gjer dette særslig interessant. Kan også gjere det lettare å rekruttere godt kvalifisert personell. Ved etablering av nytt selskap bør det av den grunn leggast til rette for at det byggetilsyn kan organisera saman med branntilsynet. Vidare arbeid og nødvendige avtalar kan koplast til vidare arbeid med brannsamarbeidet.

På sikt kan ein også vurdere å legge inn andre oppgåver eller kjøpe tenester frå selskapet, jf ovanfor.

Eit slikt etablert selskap vil og kunne selje tenester til andre, private og kommunar, og det vil vere potensiale for å ta opp fleire kommunar som medlemmar i samarbeidet.

## 8. KONSEKVENSTAR FOR DEN ENKELTE KOMMUNE

### 8.1 Organisatorisk

Med dagens organisering varierer det kor stor stillingsdel dei tilsette har i brannvesenet. I enkelte kommunar er der nokre heile stillingar, men dei fleste sit i delte stillingar der arbeidet innan brannvernet berre utgjer ein del av stillingsstorleiken.

Ei etablering av felles brann- og redningsteneste vil mellom anna medføre at tal brannsjefar vert redusert frå fem til ein. Med unntak av Luster sit alle brannsjefane i delte stillingar. Ei felles brann- og redningsteneste vil i ein overgangsfase medføre at kommunane sit med stillingsdelar som i praksis er overført til det nye selskapet. Det er viktig at den kompetansen som eksisterer i dei fem brannvesena i størst mogleg grad vert teke med inn i eit felles brannvesen.

I Luster og Vik er det tilsett feiarar og tilsynspersonell i heile stillingar. Det er av stor betydning at desse vert tekne godt vare på inn i eit evt. nytt selskap. Behovet for overgangsordningar må særleg vurderast opp mot desse stillingane, slik at ei samlokalisering ikkje medfører at ein mister eksisterande fagkompetanse. Dei som sit med ein større stillingsstorlek i brannvesenet, vil også ha rettar knytt til stilling i det nye selskapet (verksemどsoverføring).

Dei som er tilsette som deltidsmannskap i utrykningsstyrken vil fortsatt vere knytt til den einskilde brannstasjon. For desse vil ei etablering av felles brann- og redningsteneste ikkje medføre nokon vesentleg endring. Dei vil kunne føle at det vert litt større avstand til den administrative leiinga (brannsjef og avd.leiarar), men samstundes vil brannsjef og avd.leiarar sitje i heile stillingar og lettare kunne prioritere arbeidet i brannvernet. Erfaringar frå samarbeid i andre regionar viser at mannskapa opplever eit større trykk på kompetanse, opplæring, øvingar m.m. etter ei slik etablering.

Oversikt over stillingar/tilsette som må vurderast inn i samarbeidet:

- |                     |   |
|---------------------|---|
| Luster kommune:     | 2 feiarar, brannsjef, varabrannsjef, vakt og utrykningsstyrke.  |
| Sogndal kommune:    | 1 adm. tilsett, brannsjef og varabrannsjef i delt.stilling, overbefalsvakt, vakt og utrykningsstyrke. |
| Vik kommune:        | 1 feiar, varabrannsjef, brannsjef i delt.stilling, vakt og utrykn. styrke.                            |
| Leikanger kommune:  | Brannsjef og varabrannsjef i delt.stilling, vakt og utrykningsstyrke.                                 |
| Balestrand kommune: | Brannsjef og varabrannsjef i delt.stilling, vakt og utrykningsstyrke.                                 |

**Ei kartlegging kan oppsummerast slik:**

Dei delte brannsjef-/varabrannsjefstillingane vil dels vere aktuelle inn i fellesordning som overbefal/utrykningsleiarar, og evt. som søkjrarar i leiande stillingar i samarbeidet. For fleire vil det vere mest aktuelt å verte verande att i kommunal stilling der dei har hovudarbeidsoppgåvene sine.

Varabrannsjefar og tilsynspersonell i heil stilling/større stillingsdelar vil vere ynskjeleg/er det rom for å ha med over i ny ordning. Ny brannsjef for samarbeidet bør rekrutterast via ei ekstern utlysing.

Vakt- og utrykningsstyrke er føresett overført til ny ordning. Tre feiarar er rimeleg dimensjonering i ny ordning.

### Konklusjon

Det ligg godt til rette for at dei som er tilsette i større stillingsdel i den einskilde kommune i dag, kan vere med inn i eit nytt samarbeid. Ny brannsjefstilling for samarbeidet bør lysast ut eksternt. Det bør etablerast overgangsordningar som gjer det mogleg for dei som sit i eksisterande stillingar og som vil vere med inn i det nye samarbeidet, å kunne arbeide ut frå sin heimkommune. Men for å sikre eit godt fagmiljø bør alle ha faste dagar i felles lokalar.

## 8.2 Økonomisk

Ei etablering av ei felles brann- og redningsteneste vil også ha økonomiske konsekvensar for den einskilde kommunen. Dersom det var slik at den einskilde kommunen faktisk budsjetterte og brukte det tal stillingar som framgår av godkjent brannordning, så skulle ei overføring av stillingsdelar til det nye selskapet gå i økonomisk rimeleg balanse i forhold til dagens drift.

Men vi veit at brannsjefane og andre tilsette i praksis ikkje brukar stor nok del av stillinga i brannvesenet. Det er stort press (eksternt og internt) på andre delar av stillinga (teknisk sjef, byggesak, kommunaltekn. m.m.), og dette gjer at arbeidet i brannvernet vert nedprioritert. Ved etablering av felles brann- og redningsteneste, så vil det vere samsvar mellom tal stillingar og det som faktisk vert brukt innan fagområdet. Dei reelle kostnadane med drift av brannvernet vert synleggjort.

Den enkelte kommune brukar ein viss mengd administrativ tid (sentralbord, postføring, rekneskap, personalsaker m.m.) på brannvesenet i dag. Sjølv om desse tenestene vert flytta over i eit nytt felles selskap, så utgjer dette så liten stillingsdel at det ikkje vil gje nokon direkte reduksjon i utgiftene for den enkelte kommunen. Ved etablering av eit felles selskap må kommunane ta stilling til om selskapet skal utføre desse oppgåvene sjølve, eller om dei skal kjøpe tenestene av den kommunen der selskapet vert etablert. Samarbeidet vil og få husleige som ikkje utan vidare kan reduserast i eksisterande ordningar.

Ein stor del av dei som i dag sit i delte stillingar, vil etter etablering av felles brann- og redningsteneste framleis vere att i kommunen i 100% stilling. Dette vil i ein overgangsperiode gje den enkelte kommune ein ekstrakostnad lik storleiken på den stillingsdel som vert overført felles brann- og redningsteneste.

Den einskilde kommunen sit i dag med ei vedtatt og godkjent brannordning, og går inn i eit felles selskap med denne brannordninga som grunnlag. Etter at eit nytt felles selskap er etablert, må det utarbeidast ei ny brannordning for den aktuelle regionen. Ei ny brannordning og ei ny felles brann- og redningsteneste skal, på same måte som i dag, dimensjonerast i forhold til gjeldande forskrift og gjennomført ROS-analyse. Dersom dette medfører endringar i dagens brannordning og beredskapsnivå, så kan det leggast til rette for at den einskilde kommunen kan velje å legge sitt beredskapsnivå høgare/lågare, og at kontingenget/det ein betalar avspeglar denne endringa.

Som vist i kapittel 6 når det gjeld dimensjonering og kostnader så vil det kunne vere eit potensiale for innsparing avhengig av ROS-analyse i ny brannordning. Det er på dette tidspunkt vanskeleg å prognosere dette. Prosjektgruppa tilrår at ein, i alle fall i starten, nyttar ein kostnadsfordelingsmodell mellom kommunane, som brukar fleire nøklar og fordelingar. Denne modellen (jf 6.4) avspeglar dagens drift og nyttar fordelingar slik at utgiftene i ny ordning vert i rimeleg samsvar med dagens utgiftsnivå i kvar kommune.

### **Konklusjon**

Sum budsjett ser ut til å samsvare bra med dagens samla budsjettmidlar i kommunane avsett til brannvernområdet. I ein overgangsperiode må kommunane vere budd på at ny brannordning vil påføre kommunane mindre meirutgifter i høve dagens nivå. Reststillingar som vert liggande att i kommunen vil i ein overgangsfase vere ei økonomisk utfordring for kommunane og etableringskostnader og nye fellesutgifter det same.

## 9. TILRÅDING

Prosjektgruppa rår til:

At ein inngår ein intensjonsavtale om etablering av eit forpliktande samarbeid innan  
brannområde mellom kommunane B-L-L-S-V.

- Samarbeidet bør omfatte alle deltenestene innanfor brannområdet.
- Samarbeidet bør organiserast som eit IKS –selskap.
- Namn på samarbeidet bør vere Sogn brann og redning (SBR) IKS.
- Samarbeidsselskapet bør lokaliserast til Sogndal.
- Tilsette som arbeider i brannordninga i kommunane i dag bør tilbydast overgangsordningar der dei dels kan arbeide i selskapet heimanfrå/frå heimkommunen, ev og i delstilling i selskapet.
- Det bør lysast ut stilling som ny brannsjef for samarbeidet. Det bør lagast ei fullmakt for tilsetjing slik at vedkommande kan tilsetjast før styre og andre element i IKS/selskapsavtalen er klar.
- Kostnadsfordelinga mellom kommunane bør basere seg på eit sett av kostnadsnøklar for dei ulike områda slik det framgår av tabell 6.4.1.
- Kostnadsfordeling bør evaluerast, reviderast og vidareutviklast 4.kwart år eller dersom det skjer større endringar/omlegging av tenesta.
- Det bør gjennomførast ei taksering av inngangsverdiane i samarbeidet. Dersom det framkjem store forskjellar mellom kommunane bør dette utjamnast via innbetaling til eit reguleringsfond over ein fem-års periode.
- Kvar kommune bør syte for tilfredstillande lokalar for brannstasjon i eigen kommune og at denne kan stillast kostnadsfritt til disposisjon for IKS'et.

Eit suksesskriterium i saka er at det kan gjerast realitetsvedtak i saka i juni 2010. Dette vil vere grunnlag for at hausten kan nyttast til å klargjera for oppstart 01.01.11.

Det vil vere ei god løysing at ny brannsjef kan ta til som prosjektansvarleg på hausten og førebu oppstart.

Det er løyvt prosjektmidlar via omstillingsmidlane til å dekke det meste av desse kostnadane.

Vedtak i den enkelte kommune bør vere under føresetnad av likelydande vedtak i dei andre kommunane.

Vidare arbeid:

- Utarbeiding av etableringsavtale for samarbeidet inkl. selskapsavtale for IKS-et, handsaming hausten 2010.
- Kommunestyrehandsaming for etablering av IKS inkl. selskapsavtale, val av styre m.v.
- Førebuing av Budsjett 2011/budsjettprosess 2011.
- Planlegging / etablering av adm. lokale for samarbeidet.
- Tilsyn byggesak bør takast inn i det vidare arbeidet med saka.

---

Saksh.: Arthur Langeland  
Arkivsak: 10/239

Arkiv: 065

---

**Saksnr.:** Utval  
20/10 Sogn regionråd

**Møtedato**  
11.06.2010

**Sak** 20/10

**Orienteringssaker 11.06.2010**

**Tilråding:**

RUP gruppa

Oppdrag frå møte 30.04, det er avtala møte 7. juni i gruppa og tilråding vert sendt ut følgjande dag.

Helsegruppa

Oppdrag frå møte 30.04

Vidare arbeid samhandlingsreforma

Samferdselsgruppa

Vegsamband Stavanger/Bergen/Trondheim, referat frå møte distriktsvegkontoret 26. april ligg ved.

Regionsenterkonferanse, tema/opplegg

Opplegg frå Sogndal kommune til drøfting

Einar Målsnes; brev til Politiet i Sogn og Fjordane, oppfølging orientering frå politimeister i møte 30.04

Olav Ellingsen; Konsesjonskraft vidare arbeid

Årleg ordførarkonferanse – haustmøte ?

Rådmannsgruppa, ymse meldingar

Dagleg leiar oppgåver

- Kontrollutval oppfølging
- Heimesideprosjektet, presentasjon utkast heimeside – internett+
- Kulturkalender, vidare arbeid
- Ski Sogn avtale info materiell
- Reiselivsplan vedtak i fylkestinget, oppfølging i høve til deltaking grupper?
- PWC
- Ymse andre saker

Sogndal 31.05.2010

Arthur Langeland